



# Plan for bygningsvern

del av  
Kommunedelplan for  
kulturminne og kulturmiljø

Planen er vedteke  
i kommunestyret  
26.11.2009



# BYGNINGSVERNPLAN

## DEL AV KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

### INNHALD

1. INNLEIING	side
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Arbeidet med revisjon av planen	1
1.3 Plangrunnlag. Lover. Fylkeskommunale og kommunale planar	1
1.4 Kvifor verna bygningar?	2
1.5 Kvifor ikkje verna alle bygningar?	2
1.6 Kven kan bruka planen?	3
2. UTVELJING	
2.1 Metode for vurdering av verneverdi	3
2.2 Kva skal vernast? Kriterium for utval	3
2.3 Kva er bygningsvern? Definisjon av nokre viktige omgrep	4
2.4 Omgrepet "Lokal byggeskikk"	5
2.5 Byggemåtar og byggematerialar i Stord kommune	6
3. UTVIKLINGA AV BYGGESTILEN PÅ STORD	
3.1 Bronsealder til mellomalder	10
3.2 Mellomalderen	10
3.3 Renessansen 1500-1720	10
3.4 1780-1870 Klassisisme (Loui-seize, Empire, Seinempire)	12
3.5 Sveitserstilen: 1840-1920 (i Europa 1830-1890)	12
3.6 Jugend: 1890-1920 (i Europa 1880-1910)	13
3.7 Det nye Noreg: 1905 – 1930	13
3.8 Funksjonalismen: 1925 – 1940 (i Europa 1920-1940)	15
3.9 Tida etter 2.verdskrigen	15
4. NOSITUASJONEN. UTVIKLINGSTREKK. UTFORDRINGAR	17
5. MÅLSETJINGAR OG TILTAK	
5.1 Målsetjing	18
5.2 Tiltak	18
5.3 Rettleiing og restaurering i praksis	18
5.4 Reglar for verneverdige bygningar i Stord kommune	19
5.5 Litteraturliste	20
6. FRAMLEGG TIL REVIDERT BYGNINGSVERNPLAN – OVERSYN	
6.1 Bondesamfunnet	21
6.2 Bergverksdrift	26
6.3 Industri/næring	28
6.4 Handelsstader/forretningsområde	30
6.5 Bygningar knytte til embetsverket	34
6.6 Offentlege bygg	35
6.7 Bustadbygging - frå bondesamfunn til by	38

Vedlegg 1: Skjema med oversyn over bygningar

Vedlegg 2: Kart

## 1. INNLEIING

### 1.1. Bakgrunn. Gjeldande bygningsvernplan frå 12.12.1991

Planen er ei revidering og utviding av "Bygningsvernplan for Stord", vedteken av Kommunestyret 12.12.1991. Den planen bygde på SEFRAK – registreringane på 1980-talet.

### 1.2. Arbeidet med revisjon av planen

Arbeidet med revisjonen av bygningsvernplanen vart sett i gang i 1998. Bjørn Arve Lunde, som då var bygningsvernkonsulent i kommunen, og arkitekt Bergny Nordbø ved reguleringsavdelinga gjennomførte ei evaluering av einskildobjekta i planen. Alle objekta vart vurderte og fotograferte. Denne gjennomgangen dannar grunnlaget for den reviderte planen.

Hausten 2001 vart det bestemt at den reviderte bygningsvernplanen skulle vera **del av ein kommunedelplan for kulturminne** for Stord. Prosjektgruppa vart utvida med Guri Andresen Aksnes og Jakob Gullberg, samstundes som melding om oppstart av planarbeid vart sendt ut.

Fargefoto som er lagt inn i planen er tekne av Bjørn Arve Lunde, gamle svart-kvitt-foto er henta frå SEFRAK-registeret eller frå Kannelønningsamlinga ved Sunnhordland Folkemuseum.

### 1.3 Plangrunnlag. Lover. Fylkeskommunale og kommunale planar

I **Fylkesdelplanen for kulturminne 1998 – 2010** for Hordaland er det overordna målet formulert slik:

*"Forvalta kulturarven i Hordaland slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og vernar kulturminne og kulturmiljø som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida."* Det krevst aktiv deltaking frå kommunane dersom det skal vera råd å nå ei slik målsetjing.

**Kommuneplan for Stord 2004- 2015** har som ei av målsetjingane *"møtet med Stord skal gje identifikasjon og attkjening."* Og ein av strategiane for å nå målet er: *"Ved vidare utvikling av Stord som by skal dei kvalitetane som finnest i dag, framhevast og vidareutviklast."*

**Lov om kulturminner av 9.juni 1978 (kulturminnelova)** har til føremål å ta vare på kulturminna våre. I føremålsparagrafen (§1) står det kva oppgåver kulturminnevernet har:

*"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet."*

Etter lova er alle bygningar eldre enn 1649 automatisk freda. For yngre bygningar kan Riksantikvaren gjera vedtak om freding. Kulturminnelova vert forvalta av fylkeskommunen og Riksantikvaren.

**Plan- og bygningslova** inneheld det lovgrunnlaget kommunen kan nytta for formelt å sikra den verneverdige bygningsmassen. Kap. VI om kommuneplanlegging og kap. VII om reguleringsplanar seier noko om korleis kommunen gjennom planvedtak kan sikra kulturminne og verdfulle bygningsmiljø. Kap XV "Bestående byggverk" har reglar knytt til enkeltbygg.

Etter § 20-4, pkt 4 har kommunen i arealdelen i kommuneplanen høve til å bandleggja område med tanke på vern. Vilkåret er at områda innan fire år vert sikra vern gjennom vedteken reguleringsplan (§ 20-6).

§ 25, pkt 6 gjev høve til å utarbeida reguleringsplan spesialområde vern, som gjev den endelege formelle vernestatusen til bygningsmassen. Føresegnene i reguleringsplanen vil presisera kva vernestatusen inneber for dei einskilde bygga.

Etter § 33 kan kommunen vedta mellombels vern av heile eller deler av bygningsmassen på ein eigedom i påvente av reguleringsplan. Reguleringsplanen må utarbeidast innan to år etter vedtaket.

Etter § 89a kan kommunestyret for ein eller fleire eigedommar i tettbygd strok vedta program for utbetring av bygningsmassen og areala som høyrer til. Utbetningsprogrammet kan omfatta t.d. ombygging, forbetring eller istandsetjing.

Etter § 90 kan kommunen påleggja eigar av bygg å utbetra skadar på bygg som er til fare for ålmenta.

§ 92 er viktig i denne samanhengen. Den seier m.a. at kommunen *“ved endring av bestående bygning og ved oppussing av fasade ---skal se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til en bygning ytre, så vidt mulig blir bevart”*.

Riksantikvaren gjer fredingsvedtak, i hovudsak for bygg av nasjonal verdi. Men ansvaret for hovudmassen av verneverdige bygg og bygningsmiljø har kommunane fått gjennom plan – og bygningslova.

#### **1.4. Kvifor verna bygningar?**

Riksantikvaren har i 2001 gjeve ut ein rettleiar til kommunane: *“Kulturminner og kulturmiljøer plan – og bygningsloven”*. Her er grunngevinga for kulturvernarbeid formulert slik:

*“Kommunene står overfor store utfordringer innenfor miljø- og ressursforvaltningen. Forvaltning av kulturminneverdiene er en del av dette arbeidet. Kommunene har ansvar for at dette skjer på best mulig måte for dagens og morgendagens innbyggere.*

*Kulturminner og kulturmiljøer representerer vår kollektive hukommelse om tiden som har gått, om hvordan det var å være menneske før og hvordan samfunnet har vært organisert. Dette gir oss grunnlag for å forstå vår egen tid og bedre planlegge for et samfunn som ligger foran oss. Ved å bevare kulturminner og kulturmiljøer og forvalte de på en etisk forsvarlig måte, viser vi respekt for mennesker som har levd før oss.”*

---

Om gjeldande nasjonale mål for kulturvernarbeidet seier rettleiaren: *Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og ivaretas som bruksressurser og som grunnlag for opplevelse og videreutvikling av fysiske omgivelser. Og:*

*Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv som kunnskapsressurser og som grunnlag for opplevelse.”*

#### **1.5 Kvifor ikkje verna alle bygningar?**

Så kan ein spørja kvifor det er nødvendig å peika på eit utval av bygningar som skal sikrast særleg vern. Bør ikkje hovudregelen vera at alle bygningar og minne frå fortida bør takast vare på? Når eit utval vert plukka ut og gjeve vernestatus, kan det tolkast som eit signal om at dei bygga som ikkje er med i utvalet, ikkje har verneverdi og kan fjernast. Slik er det ikkje. Eit viktig føremål med ein bygningsvernplan er å auka medvitet om verdien av kulturminna, planen skal ikkje berre peika ut bygningar som bør få formelt vern. Tanken er at han også skal nyttast aktivt som rettleiar for tilsvarande bygningar og miljø. Dei objekta som er med i planen, skal gjelda som gode døme, meir enn som ei komplett samling av verneverdige bygg og anlegg på Stord. Hovudregelen er at ein alltid skal vurdera verdien av det som er , før ein byggjer nytt eller gjer endringar. Synet på

kva som er verneverdig vil også endra seg med tida, slik at ein ved utarbeiding av reguleringsplanar også må vurdere andre bygningsmiljø enn dei som er med i planen.

### 1.6. Kven kan bruka planen?

Bygningsvermplanen er meint som ein reiskap for sakshandsamarane ved den kommunale regulerings- og byggesakseininga og for medlemmane i forvaltningsstyret, som skal gjera vedtak etter plan – og bygningslova. Men han skal også vera til hjelp og rettleiing for alle dei som eig bygningar som er med i planen. Han seier noko om kvifor bygningar vert vurderte som verneverdige og kva følgjer det bør ha. Vidare vil planen kunna nyttast av skulane i arbeidet knytt til skulen sitt nærmiljø. Alle bygdelag er representerte i planen.

Endeleg er planen nyttig for alle huseigarar og for alle som er interesserte i byggeskikk og kulturvern. Eit føremål med planen er også at han skal kunna vera med på å gjera folk meir interesserte i bygningar og bygningsmiljø. Ei slik interesse vil føra til større kunnskap om byggeskikk og bygningstradisjon og om sterkare medvit om kva som er god kvalitet og god estetikk. Difor har også planen fått ei slik utforming at han skal kunna vera godt tilgjengeleg for folk flest.

## 2. UTVELJING

### 2.1. Metode for vurdering av verneverdi

Synet på kva som er verneverdig vil veksla med tida og med det faglege synet til dei som vurderer. Samfunnet si haldning til bygningsvern vert også endra over tid. Difor er det ikkje råd å komma fram til eintydige svar på kva bygningar som skal vernast og korleis ein skal verna dei.

Ein kan sjå på dei bygningane og dei miljøa som er med i planen som døme på bygningstypar som bør takast vare på. Det er valt ut nokre gardstun, men dei fleste gardstuna på Stord inneheld bygningshistorisk interessante bygningar. Hovudregelen må difor vera at alle som ønskjer å gjera endringar i eit etablert gardstun bør tenkja bygningsvern.

Gjennom utvalet er det også lagt stor vekt på bygningsmiljø som illustrerer lokalsoga til Stord. Prestlio, Øvre Borggata og Ingebrigtshaugen er først og fremst spor etter det som ein gong var strandstaden Leirvik. Enkeltbygga i desse miljøa er gjennom åra så sterkt endra og påbygde at det ofte kan vera vanskeleg å få auga på verneverdien. Det kan då vera historiske eller kulturelle kriterium og ikkje det bygningstekniske eller stilmessige som har vore avgjerande for utvalet.

Det er altså nødvendig med eit sett av kriterium når ein skal velja ut kva enkeltobjekt som skal komma med i planen.

### 2.2. Kva skal vernast? Kriterium for utval

Kva rettesnor skal ein gå etter når ein vel ut verneobjekt? Eksisterande plan har som hovudprinsipp at utvalet skal visa eit tverrsnitt av historia, og at bygningsmiljø skal prioriterast framfor einskildbygg. Dette prinsippet vil gjelda også for den reviderte planen. Men i tillegg trengst eit sett med **kriterium** for kva som bør vernast. Slike kriterium kan knytast til ulike sett av verdiar, ein kan sjå bygningar og bygningsmiljø som **kjelde til kunnskap**, som **grunnlag for oppleving** eller som **bruksressurs**. Avhengig av kva synsvinkel ein nyttar, vil ein kunna leggja vekt på ulike kriterium. Det er brukt tre hovudprinsipp ved utveljinga av verneobjekt:

Planen skal peika på og trekkja fram enkeltbygg med særlege kvalitetar arkitektonisk og bygningsfagleg.

Han skal visa bygningsmiljø med særleg kulturhistorisk og bygningshistorisk verdi.

Han skal visa den historiske utviklinga i kommunen fram til i dag.

Planen vil dessutan leggja vekt på følgjande kriterium ved utval av verneobjekt:

### **Representativitet**

Dette kriteriet kan brukast på to nivå:

- På eit overordna nivå skal eit utval av bygningar og bygningsmiljø sikrast varig vern for å kasta lys over historia frå dei eldste tider og fram til i dag. Ulike byggemåtar og teknikkar skal vera representerte.
- På detaljnivået betyr representativitet at når to eller fleire miljø kan fortelja same saga, skal det miljøet vernast, som best representerer dei verdiane me vil ta vare på.

### **Samanheng og miljø**

Ved å ta vare på fleire bygningar som utgjer ein større samanheng, kan me få fram kunnskap som eitt enkelt bygg ikkje kan formidla. Eit heilt gardstun gjev ei miljøskildring som våningshuset åleine ikkje kan få fram. Det som gjer bygga i Prestlio verneverdige, er at dei representerer ein tidsperiode i Leirvik sin historie. Eit bilde av det samfunnet som Stordø kisgruber skapte, får ein fram ved å visa produksjonslokala, produksjonsanlegga, kontorbygget, bustadene til direktøren, stigerane og arbeidarane.

### **Autentisitet**

At eit kulturminne er autentisk, vil seia at det er opphavleg. At det har stor autentisitet betyr at det er det som det gjev seg ut for å vera. Omgrepet må alltid setjast i samanheng med noko, t.d. tid, rom eller funksjon. Eit empirehus frå 1800-talet har vesentleg høgare antikvarisk verdi enn ein nyare kopi. Eit bygg som står der det vart reist, har høgare verneverdi enn eitt som er flytta. Eit hus som er i bruk til sin opphavlege funksjon, har høgare verneverdi enn eitt som vert nytta til andre føremål. Deler av gamle konstruksjonar vil alltid måtta skiftast ut, likevel er det eit krav at eit verneobjekt må ha ei viss mengd originalmateriale for at det skal ha høg verneverdi.

### **Fysisk tilstand**

Det må vurderast om eit bygg eller eit bygningsmiljø er i ein slik fysisk tilstand at det kan bevarast som kunnskapskjelde eller opplevingsverdi. Har ein valet mellom å verna to objekt av same type, vil det vera naturelg å velja det som er best vedlikehalde.

### **Identitet, symbol**

Dette kriteriet kan særleg knytast til opplevingsverdien til ein gjenstand. Mange bygningar eller bygningsmiljø har særlege kvalitetar fordi dei gjev folk kjensle av å kjenna seg att og å høyra til. Det kan knyta seg spesielle hendingar til slike bygningar, eller bygningsmiljø kan ha hatt ein spesiell funksjon gjennom lengre tid.

### **Arkitektonisk kvalitet**

Opplevinga av god og gjennomført arkitektur har sin særlege verdi uavhengig av tidsaspektet. Ved vurdering av arkitektonisk kvalitet må det leggjast vekt på heilskap, materialkvalitet, detaljering og i kva grad bygget har eigenverdi og kvalitet uavhengig av tid.

### **Særpreg**

Nokre bygningar bør vernast ut frå at dei representerer noko heilt unikt; er spesielt uttrykksfulle eller representerer ein spesiell stil.

## **2.3. Kva er bygningsvern? Definisjon av nokre viktige omgrep**

Når ein arbeider med bygningsvern, er det viktig å vita kva som ligg i dei ulike omgrepa, og kva lover som heimlar ulike tiltak. Særleg er det viktig å skilja mellom freding og vern.

**Freding.** For bygg og anlegg gjeld to typar fredingar, *vedtaksfreding* eller *automatisk freding*. Begge typane er heimla i kulturminnelova. Freding etter kulturminnelova er det sterkaste juridiske vernet ein bygning kan få. Både eksteriør, fast inventar og større laust interiør kan vera omfatta av fredinga.

Alle bygg og anlegg frå før 1537 og alle ståande bygningar frå perioden 1537 – 1649 er *automatisk freda* etter kulturminnelova. I tillegg til sjølve bygget er også eit område i fem meters breidde rundt bygget freda, sikringssona. *Vedtaksfreding* gjeld bygg eller andre kulturminne frå tida etter reformasjonen. Riksantikvaren gjer fredingsvedtak med heimel i kulturminnelova og bestemmer kva vilkår som skal følgja vedtaket. Ingen bygg på Stord er vedtaksfreda.

**Mellombels freding.** Dersom ein bygning eller eit bygningsmiljø vert truga av inngrep før det er sikra eit formelt vern, gjev kulturminnelova heimel for å gjera vedtak om mellombels freding til spørsmålet om ei eventuell endeleg freding kan avgjerast. Både Riksantikvaren og fylkeskommunen kan gjera slikt vedtak.

**Kulturmiljø** er område der kulturminne er del av ein større heilskap eller samanheng. Eit kulturmiljø kan vera eit bygningsmiljø eller eit kulturlandskap. Også kulturmiljø kan fredast ved enkeltvedtak etter kulturminnelova.

**Vern.** Verneverdige (men ikkje freda) bygningar og anlegg kan verta verna gjennom plan - og bygningslova, gjennom offentlege eller private verneplanar, ved tilskotsmidlar og vern- og vedlikehaldsavtalar, eller ved at dei vert tatt vare på t.d. av eit museum. For kommunane er plan - og bygningslova den viktigaste reiskapen når bygningar, kulturminne eller kulturmiljø skal vernast.

#### 2.4 Omgrepet "lokal byggeskikk"

I dei seinare åra har omgrepet "byggeskikk" vore mykje nytta i norske aviser og andre media. Ordet "byggeskikk" vert då ofte nytta om nye bygningar som vert bygt i gamaldags stil. Eit slikt syn på byggeskikken vil i det lange løp tyda stagnasjon og mangel på nyskaping.

Går ein litt grundigare inn i omgrepet, finn ein at ordet byggeskikk eigentleg har ei litt anna tyding. Byggeskikken er til ei kvar tid eit produkt av samtida, staden, tradisjonar, sosialt miljø og tilgjengelege ressursar. Byggeskikken er med andre ord noko som endrar seg over tid. Tilgang på nye materialar og ny kunnskap vil t.d. gjera at ein etter kvart får ein ny byggetradisjon, dvs. ein ny byggeskikk. I neste omgang fører dette til at gamle byggemåtar vert borte. Å byggja bustadhus av tømmer var lenge ein skikk i Noreg, no er det meir vanleg å nytta bindingsverk.

Det er vanskeleg å finna byggetradisjonar som er heilt unike for Stord, men ein kan likevel finna kulturminne som ein ikkje finn så mange andre stader, t.d. dei som knyter seg til utvinninga av kalk og kalkstein på Huglo, utvinninga av svovelkis på Litlabø eller dei som knyter seg til båtbygginga og båttrafikken i Sunnhordland.

Når ein ser på byggetradisjonen på Litlabø, ser ein tydeleg at byggeskikken her har vore ein annan enn på Leirvik eller i Sagvåg. Dei som kom i samband med utbygginga på Litlabø, hadde med seg sine tradisjonar og sine ideal. Dersom det skal vere noko poeng i å ta vare på desse kulturminna, må ein difor også ved restaurering og fornying av bygningane ha innblikk i den byggetradisjonen og stilen dei representerer. Det handlar om detaljar som ved fyrste augnekast kan synast uvesentlege, men som likevel er viktige for om det til slutt blir danna eit interessant heile.

Då modernismen slo igjennom, fekk ein fleire val både med omsyn til planløyising og ulike former, men det vart også meir krevjande å få til gode resultat når det ikkje lenger var ein fasit. Spesielt når desse nye formene skal inn i verna område, må ein trø varleg og visa folkeskikk. Ofte kan dei meir stillfarande og tradisjonelle løyisingane gje beste resultatet, men då må ein på den andre sida ikkje falla for freistnaden til å kopiera. Kvar periode bør ha sitt uttrykk, også i vår tid.

## 2.5. Byggemåtar og byggematerialar i Stord kommune

Bileta som fylgjer syner døme på ulike byggemåtar og ulik materialbruk på Stord. Bileta er alle henta frå bygg som er med i bygningsvernplanen, og det kan såleis finnast andre gode døme som ikkje er komne med. Bileta syner tydeleg at byggeskikken på Stord er mangslungen, men dei syner også at detaljane er viktige for korleis eit hus framstår.

**Fundament:** syllstein (enkel steinsetting under svillstokken), holdstein (fundament av stein under lafteknuten), grunnmur/ringmur (enkel eller dobbel mur, vanlegvis under bindingsverkshus).



Holdstein



Grunnmur



Syllstein

**Murverk:** natursteinsmur, tørrmur, mur av hogd stein, mur av teglstein, pussa mur



Tørrmur, naturstein



Opning i natursteinsmur



Pussa mur




Teglstein



**Trekonstruksjonar:** grindbygg, (rund)tømmer, reisverk, bindingsverk, utmurt bindingsverk

Grindkonstruksjon var mykje nytta i løer, naust og andre uthus på Vestlandet i gamal tid. Byggjemåten har ein del felles med stavkonstruksjonen som er nytta i stavkyrkjene, men også ein del særtrekk. Ei grind er sett saman av to "stav" (vertikale) som er bundne saman horisontalt med ein "bete" og avstiva med skråstivarar. Fleire grindar vert bundne saman langs etter bygget med "stavlegjer" og skråstivarar som sperrene kviler på. (I ei stavkyrkje har ein "stavlegjer" i bygningen si lengderetning, men ikkje "betar" på tvers.) Grindverket er ein sterk, og ein svært materialsparande konstruksjon.



**Takformer:** saltak, valmtak, halvvalm, manzardtak, valma manzardtak, pulttak, flate tak

**Taktekking:** skifer, teglpanner, torv, papp, metallplater



Saltak med rasteskifer



Pyramidetak med lappskifer



Valmtak med teglpanner



Saltak med ruteskifer



Halvvalm med teglpanner



**Saltak med betongstein**



**Valmtak med lappskifer**



**Manzard, halvvalm, skifer**



**Flatt tak**



**Pulttak med metallplater**



**Valmtak med teglpanner**

**Paneltypar:** liggjande panel, ståande panel, høvla panel, uhøvla panel, overflatebehandling

**Ubehandla kledning, ståande og liggjande**



**Høvla kledning, malt**

**Dører:** fylling/panel, listverk, beslag  
Detaljane er med og pregar eit hus, anten detaljane er enkle eller førsegjorde.



**Vindauge:** handblåse glas, blyglas, farga glas, isolerglas, sprosser  
Vindaugo gir i stor grad huset karakter, endrar ein vindaugo, endrar ein heile huset sin karakter.




### 3. UTVIKLINGA I BYGGESTIL PÅ STORD

#### 3.1 Bronsealder til mellomalder:


Ein finn mange spor etter busetnad på Stord langt attende i tida. Gravhaugar, gravrøyser og buplassar på Stord er omtala m.a. i heftet Arkeologi på Stord (Bård Gram Økland). Funna går 9-10 000 år attende i tid. Heftet omhandlar funn frå tida før reformasjonen (fram til 1536).

#### 3.2 Mellomalderen:

Kalkproduksjon på Huglo har lang tradisjon (truleg frå siste halvdel av 1200) – dei fyrste skriftlege kjeldene finn ein frå 1516-23. På 1600-talet hadde nesten alle gardane på Huglo kalkproduksjon. Etterspurnaden kom frå dei store byane Bergen og Stavanger. Storsøya var den staden som hadde kalkproduksjon lengst. Produksjonen tok slutt i 1951. På slutten vart steinen broten ut, men ikkje brend. Kalkproduksjonen har sett mange spor etter seg på Huglo og i dei store byane på Vestlandet. Lokalt har ein i liten grad hatt byggetradisjon som har gjort seg nytte av kalken.



Plan av kalkomn



Snitt gjennom kalkomn

#### 3.3 Renessansen 1500-1720

Bygningane på Stord som kan tidfestast til denne perioden, er ikkje store praktbygg, men små bustadhus og naust/notbuer. Bustadhusa er enkle og har småruta vindaug og knappe takdetaljar.

1500-talet: oppgangssager, røykstover

1600-talet: bergverksdrift, hus med pipe, blyinnfatta vindaug

1620: fyrste jernommen

Døme frå Stord:

- *Oppgangssag i Sagvåg (truleg drift frå 15-1600-talet)-brann ned i 2006*
- *Ådlandsstovo, freda bygning (13-1500), flytta til Shl. Folkemuseum i 1936*
- *Naustmiljø Bjønnvikjo (1600-talet)*
- *Fyrste Skrivargarden (datert 1650-1675) seinare ombygd*
- *Husmannsplass Sæbø- "Elsehuset" (datert til 1675-1699)*
- *Naust og notbu Føyno (1700-talet)*
- *Gardstun Kyvik (1700-talet)*



Naust Bjønnvikjo



Notbu Føyno





"Elsehuset"



Kyvik

### 3.4 1780-1870 Klassisisme (Loui-seize, Empire, Seinempire):

Antikken vart førebilete etter arkeologiske utgravingar i Italia (Pompeii).

*Kjenneteikn:* Regelmessig og streng bygningsform, søylemotiv, gavlmotiv i fasade og i dør- og vindaugsomramming, heil- eller halvvalm, svai/vipp i tak, arkoppbygg, engelske skyvevindauge, medaljongar og girlander, tettstilte rifler i listverk og fyllingar, ovale dørfyllingar. Større vindaugsruter tilgjengeleg, kopiering av antikke førebilete i marmor og sandstein, understreking av horisontale band i fasaden.

Klassisismen - "ein stil både for herregardar og arbeidarbustader"- enkle grunnreglar for fasadeoppbygging som høvde for sjølv dei enklaste bustadhusa. Døme på klassisisme og empire på Stord:

- *Gardstun Tveita (1850-75)*
- *Hagerupshuset (ca 1790)*
- *Bustad Prestlio (1800-talet), empiredetaljar*

*Huset i Prestlio er i 2002 sett i stand og har m.a. fått nye vindauge og nytt tak, som langt på veg harmonerer med den gamle empirestilen. Alle dei tre husa som er viste her, har svært knappe takutstikk, noko som er karakteristisk for perioden.*



Gardstun Tveita



Prestlio



Hagerupshuset

Frå 1850-åra bygde ein i **sveitserstil** på landet, og i **seinempire** i byane. Ny skulelov førte til at det vart slutt på omgangsskulen og det vart bygt mange **skular** frå 1860 og framover.

Ei "Forordning" i 1739 la grunnlag for folkeskule for alle born, men privatundervisning var vanleg mellom dei meir velståande på Stord også før denne tida. I 1743 vart det vedteke at Stord prestegjeld skulle ha 3 skulekrinsar og tilsetja 3 skulemeistrar, men fyrst i 1777 kom ein i gang med skulen. I 1827 vart det vedteke ny skulelov, som m.a. slo fast at borna skulle læra rekning, men det gjekk mange år før lova vart sett ut i live. Fram til 1863 var det rein omgangsskule på Stord, men så tok skulebygginga til. Fyrst fekk Høyland skulekrins skulebygg på Langeland (1863), så vart det bygt på Vikanes (1867) og i 1874 fekk Leirvik krins si eiga skulestove. (Kjelde: Stord Bygdebok)

Den fyrste lærarskulen i landet vart bygt på Rommetveit i 1866.

### 3.5 Sveitserstilen: 1840-1920 (i Europa 1830-1890)

I Europa bygde ein i mur med uhemma stil - kopiering, spesielt i interiøra. I Noreg var det oppgangstid innan skipsfart og handel. Mekanisering av sagbruksindustrien førte til god tilgang på trematerialar. Turisthotella på Vestlandet vart bygde. Omfattande reguleringsplanar vart laga for byane. I 1866 vart Haugesund kjøpstad. "Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers bevaring" vart stifta 1844 - i fyrste omgang for å redde stavkyrkjene.

Sveitserhusa i Noreg vart oppførte i tre, med førebilete frå Sveits. Norske arkitektur vart utdanna i Tyskland, og der søkte ein til fortida og dei rikt dekorerte alpehusa. Perioden var prega av Romantikken og var ein reaksjon på fornuftstida som hadde vore. Interesse for naturen og "landsted" utanfor byen hos overklassen, førte til bygginga av dei fyrste lysthusa og badehusa i Noreg.

Sveits og Noreg har mykje felles når det gjeld landskap, og dette kan vera ei av årsakene til at sveitserstilen vart så populær her i landet, og spesielt på Vestlandet. Sveitserstilen hadde også mange trekk frå empiren, ein stil som allereie hadde fått sitt innpass i Noreg.

Kjenneteikn: store saltak, synlege utskorne sperreendar, store takutstikk,  $1\frac{1}{2}$  høgda, store vindauge i fyrste høgda, gavlmotiv i verandatilbygg eller glasveranda. I borgarhus i byane finn ein innslag av nygotikk (kyrkjer med spissboga vindauge, søyler og spir). På Stord har det vore mange sveitserhus, men svært mange av dei mest karakteristiske utskorne detaljane og glasverandaene er borte. Døme frå Stord:

- *Nokre av husa i Øvre Borggata har innslag av sveitserstil (ca 1875-1925)*
- *Nokre av husa i Prestlio har innslag av sveitserdetaljar (ca 1870-1920)*
- *Rettsbygningen har sveitserdetaljar (1863-1864)*
- *Delar av Høgskuleområdet med hovudbygningen frå 1866*



Foto frå Leirvik sentrum (rundt 1910) med 3 flotte sveitserhus - no er det berre eit av desse som står att.

Detaljane på sveitserhusa var svært dekorative, og ein viktig del av arkitekturen, men ikkje spesielt vedlikehaldsvennlege. Mykje av dekoren har såleis blitt borte, og husa som ofte hadde store volum vert ofte ståande tilbake litt uproporsjonerte og uharmoniske. Dei karakteristiske sveitserfargane er også blitt borte og husa vert gjennomgåande kvite.

Bileta viser nokre døme på enkle sveitserhus på Stord som har noko av dei karakteristiske detaljane: glasveranda, utskorne sperreandar, gavlmotiv, ulike paneltypar skilde med vannbrett o.s.b., men berre Leirvikshuset som no er borte, har fargar som framhevar detaljane.



Tidl. post/pensjonat  
i Breivikjø (1899)



Seminarieriet (1866)



Leirvikshuset  
(rive 2002)

### 3.6 Jugend :1890-1920 (i Europa 1880-1910)

Prega av organiske motiv (blomar, bladverk m.m.) Utvikla seg til å bli ein dekadent stil som arkitektstanden tok avstand frå. I Noreg var ein frå 1905 oppteken av sjølvstende og det nasjonale, medan jugendstilen var tysk, det kan vera årsak til at perioden vart relativt kort hos oss. Kjend døme er gjenoppbygginga av Ålesund etter brannen i 1904. Kjenneteikn: Valma mansardtak, tak med svai, karnapp- og balkongutbygg, krysspostvindaug med småruter øverst, ornament med blomar.

Dømet frå Leirvik har mange flotte detaljar som er tekne vare på:

- Søndre Kaisving (1912-1927)



Søndre kaisving 1979



Søndre kaisving 2000

### 3.7 Det nye Noreg: 1905-1930

Arkitekturen i Europa gjekk mot forenkling, men i Noreg søkte ein etter ein nasjonal byggestil etter 1905. Byggmeisterhusa var framleis prega av sveitserstil og jugend, barokken og renessansen dukkar opp igjen, og ei ny retning prega av tidlegare norsk byggeskikk dukka opp ("norsk panelstil").

Det var stor industribygging i Noreg 1905-20; kraftverk, sement, kunstgjødsel. Under fyrste verdskrig var det jobbetid innan trelast og skipsfart før det igjen vart stagnasjon i næringslivet frå 1918-25.

Frå 1911 vart det utdanna arkitektar ved Norges Tekniske Høgskule. "Egne hjem"-rørsla og hagebyidealet slo gjennom (1910-25).

Kjenneteikn i arkitekturen: høgreiste saltak med bratt vinkel, kraftige detaljar, småruta vindauge, rik utforming av dørportalar.

Døme frå Stord:

- *Sorenkrivarbygningen (oppr.1862, ombygt 1912) empire-inspirert*
- *Gymsal Rommetveit (1922), empire-/jugendinspirert*
- *Bustadhus Åsringen (1916-1919)engelsk empir*
- *Bustader Stordø kisgruber (ca 1900-1930)*
- *Tyse prestebustad (1912), Louis-seize inspirert*
- *Rektorbustad Rommetviet (1920)*



Sorenkrivargarden



Gymsal Rommetveit



Bustad Åsringen



Stallmeisterbustad



Prestabustad



Rektorbustad Rommetveit



### 3.8 Funksjonalismen: 1925-1940 ( i Europa 1920-1940)

Bauhauskulen vart oppretta i 1919 og fekk stor innverknad på arkitekturen i Europa. Funksjonalismen tok oppgjær med fortida sine stilretningar, som var utan samanhang mellom form og dekor. Noreg var prega av stor byggeverksemd; kinoar, fabrikkar, bygårdar osb. Dette var ideelle oppgåver for den nye stilen og dei nye byggematerialane (stål og armert betong). Trehus i "funkisstil" vart bygde som panelte reisverkshus med flate, valma tak, vindaugsband, kubisk samanstilling av volum, runde balkongar og lyse interiør. Stord har ingen større område prega av denne stilen, men nokre døme:

- *Ingebrigtshaugen 7 (1917-1938)*

Bustadhus, teikningar signert 1939 av Peder Sortland. Huset har ei grunnflate på 44 m<sup>2</sup>.



- *Kraftstasjon Lundsæter*

Oppført 1932-33 av Stord kommunale E-verk (i fylgje Stord Bygdebok). Bygningen har si opprinnelege form, enkel og funksjonell for si tid.



### 3.9 Tida etter 2. verdskrigen

#### 1950-åra

I 1950-åra var det rasjonering av byggevarer, men samstundes kom den industrielle utviklinga av nye byggematerialar. Bindingsverk, mineralull, isolerglas, eternitt og andre materialar utgjorde etterkvart det moderne byggeriet. Husbanken gjorde seg også gjeldande etter kvart.

Fyrste typehuskatalogane kom i 1946, hus i 1<sup>1/2</sup> etasje med saltak med 45 graders vinkel, 2-rams-vindauge med eller utan tynne horisontale sprosper var det vanlege.

*Aslaksvikjo* var eit av dei fyrste regulerte bustadfelt på Stord, bygt ut med individuelt tilpassa einestader frå perioden 1958-60, teikna m.a. av arkitekt Knut Eide, bustadrådgjevar Martin Klippen, arkitekt Johan Lindstrøm m. fl. Ut frå vedtak i bygningsrådet ser ein at sjølv om dette var individuelle hus, så vart det lagt vekt på heilskapen, t.d. vart det stilt krav om same takvinkel på husa.



Bustader Aslaksvikjo



Bakeriet Frugård, teikna 1954 av arkitekt MNAL Fr. Theodor Olsen  
(som også teikna nybygg på høgskuleområdet på Rommeveit)

### 1960-åra

Frå siste halvdel av 1950-talet skaut økonomien fart i Noreg. Det vart planlagt og bygt ut fleire bustadfelt (t.d. på Skotaberg). Bilen gjorde sitt inntog, og avstanden til sentrum kunne aukast. Bilen sette også sitt preg på sentrum med trong for fleire parkeringsplassar, større areal til ferjetrafikken o.s.b.

### 1970-åra

Prefabrikasjon av bustadus vart vanleg, og husa fekk eit meir industrielt preg. Høgt tempo og rasjonell bygging førte også til at det vart lagt mindre vekt på terrengtilpassing. Såkalla vedlikehaldsfrie materialar vart lanserte, men likevel har det vist seg at bygningar frå denne tida ofte har dårleg kvalitet og kort levetid. Feltutbygging styrt av entreprenørar vart ei vanleg utbyggingsform.

### 1980-åra

Det nøkterne preget ein hadde den fyrste tida etter krigen vart borte, nyrikdomen sette sitt preg på bygningane. Fri lånemarknad og påverknad frå amerikanske TV-seriar prega den private bustadbygginga. Kulturminnevernet hadde fått sin plass i samfunnet, men omfatta fyrst og fremst dei mest museale bygga. Bygningar frå vår nære fortid såg ein ikkje i same grad verdien av. Mange hus vart raserte for å tilfredsstilla dei nye krava til komfort, og for å synleggjera velstanden - vindauge og kledning vert ofte skifta til moderne stil (med dårlegare kvalitet) og karakteristiske detaljar vart rasjonaliserte bort.

### 1990-åra

Den økonomiske krisa på slutten av 80-talet sette ned tempoet i byggenæringa ei lita stund. Det voks fram ei interesse for økologi og miljø og dermed også eit meir nyansert syn på den gamle bygningsarven. Det vart også meir fokus på staden og omgivnadene. Den nye Plan- og bygningslova sette også fokus på estetikk. Byen og bysentra vert meir ettertrakta som bumiljø.

Bygningar frå 1960, -70, -80 og -90 åra som er med i bygningsvernplanen:

- *Stord Rådhus (1964)*
- *Idrettshall Vikahaugane (1965)*

- *Studentbustader Rommetveit (1965-69)*
- *Kantinebygg og spesialromsbygg Rommetveit (1963)*
- *Sævarhagen vel frå 1972. Området er teikna av G.Block Watne.*
- *Bustadområde Hillarhaugen (byggeskikkprisen 1983) arkitekt Holmedal og Våge*
- *Bustadområde Hadlabrekko, arkitektkontoret Holmedal og Husum as*
- *Nytt bankbygg på Torget (no Sparebank 1 Vest), teikna av arkitektkontoret Holmedal og Husum AS.*
- *Sunnhordlandskaien oppført 1995, teikna av arkitektfirma Svein Halleraker as*



Foto øverst: Borggarden/Rådhuset, Sparebank 1/ Toget, Rekkehus Sævarhagen,  
Foto nederst: Bustqader Hadlabrekko, bustader Hillarhaugen, Sunnhordlandskaien

#### **4. NOSITUASJONEN. UTVIKLINGSTREKK. UTFORDRINGAR**

Stord er enno ein kommune i sterk utvikling, og med ettermåten knappe arealressursar. Skal me halda oppe noko jordbruksareal og areal til friluftsliv og rekreasjon, må utbyggingsarealet forvaltast strengt. Det betyr at det i framtida vil vera nødvendig å ta i bruk eksisterande bygningsmiljø til nye føremål. Presset mot den eldre bygningsmassen vil vera stort, og det vert viktig å få til ei god tilpassing mellom eksisterande og nye bygningsmiljø.

God økonomi mellom folk og ønskje om stadig større buareal, fører til at svært mange eldre hus vert bygde om og utvida. Storparten av dei opphavlege bygga forsvinn, og bygningsmiljø, t.d. eldre bustadfelt, misser den einsarta karakteren.

Ofte er det først etter at nye utbyggingsprosjekt er presenterte, at spørsmålet om konsekvensar for det eksisterande bygningsmiljøet kjem opp. Då kan gamle bygg lett verta oppfatta som eit hinder når nye planar skal realiserast. Dersom premissane for utbygging er gitt på førehand, t.d. i form av vedtekte reguleringsplanar, vert det enklare å tilpassa nye planar til eksisterande miljø. Det er difor viktig å få utarbeidd reguleringsplanar i område med historisk verdfull bygningsmasse.

På den andre sida har folk dei siste åra blitt meir medvitne om kva som er god utforming av bygningsmiljø og uterom. Det er fleire døme på at nye prosjekt har tilpassa seg eksisterande bygningsmiljø, og at bygg og bygningsmiljø som var truga, er blitt redda på grunn av auka forståing for verneverdien. Regulering til spesialområde vern vert no vurdert i alle aktuelle reguleringsaker. Ein vesentleg del av den bygningsmassen som er med i eksisterande bygningsvernplan, er sikra formelt vern gjennom vedtekte

reguleringsplanar. I desse områda ser me også at planar om ny utbygging kan tilpassast ønsket om vern av eksisterande bygningar. Me ser også gode døme på restaureringsprosjekt der eldre bygningar vert tilpassa moderne bruk samstundes som eksteriør og stildrag vert tatt vare på.

Det aller meste av bygningsmassen på Stord er frå tida etter 1950. SEFRAK-registreringa gjeld berre bygningar frå før 1940. Den raske endringstakten gjer at me kan risikera at bygningshistorisk og kulturhistorisk verdfulle miljø frå dei siste 50 åra kan gå tapt. Slike bygg kan vera ekstra utsette fordi folk ikkje så lett oppfattar dei som bygg med historisk interesse. For framtida er det viktig at også slike miljø vert vurderte i vernesamanheng. Reguleringsplanen for høgskuleområdet på Rommetveit har teke omsyn til dette. Bygningsvernplanen peikar på fleire aktuelle miljø.

## 5. MÅLSETJINGAR OG TILTAK

### 5.1 Målsetjing:

*Stord kommune ønskjer at bygningsmassen i kommunen skal forvaltast med tanke på ei berekraftig utvikling, og at utvalde bygningar og bygningsmiljø vert verna som dokumentasjon av fortida og som ein ressurs for framtida.*

### 5.2 Tiltak:

- Gjennom aktiv bruk av plan – og bygningslova skal verdfulle bygningar og bygningsmiljø sikrast formelt vern. Føresegner i dei einskilde reguleringsplanane skal fastsetja nærare kva vernevedtaket inneber.
- Alle bygg som er med i bygningsvernplanen og alle SEFRAK- registrerte bygg skal gjennom ei kulturfagleg vurdering før byggesak (tilbygg, fasadeendring, riving, m.m.) vert endeleg avgjort. Andre bygg må vurderast i kvart enkelt tilfelle.
- Stord kommune vil oppretta ein årleg bygningsvernpris for å stimulera til aktiv innsats for å ta vare på eldre verneverdige bygg på ein antikvarisk god måte.
- Det vert oppretta ei rådgjevingsteneste for folk som ønskjer å ta antikvariske omsyn ved rehabilitering av eldre bygg.
- Det vert oppretta ei kommunal stønadsordning til dekking av ekstra utgifter til vedlikehald av verneverdige bygg.

### 5.3 Rettleiing og restaurering i praksis

Mange likar dårleg at husa deira vert verna. Kvifor er det slik? Dersom nokon oppdagar at dei eig ein verdifull antikvititet, då er dei stolte eigarar. Kvifor er det ikkje slik med hus? Truleg er det fordi det knyter seg vedlikehaldsansvar til det å eiga eit hus, og ein har høyrte at det er dyrt å restaurera gamle hus - slike mytar er seigliva. Nokre hus har vore dårleg vedlikehaldne undervegs, og det kan då bli dyrt å ta igjen det forsømte, men med mindre det er fundamentale skadar på berande konstruksjonar, vil det som oftast vera rekningssvarande å ta vare på det gamle - i tillegg har ein då ein "antikvititet" når arbeidet er ferdig!

Stord kommune ynskjer å gje råd til dei som eig verneverdige hus, slik at det ikkje er mangelen på kunnskap som vert husa si bane. At eit hus vert verna, tyder i dei fleste tilfella at Stord kommune i større grad enn ved nybygging ynskjer å gje råd. Det kan vera råd om kvar ein kan søkja økonomisk stønad eller det kan vera råd om kva materialar og kva detaljar som er naturleg å nytta for det einskilde huset.

Riksantikvaren har nokre grunnreglar for bygningsvern, som det kan vera nyttig å kjenna til:

- Mest mogeleg av alle delar av bygningen bør (skal) takast vare på. Inngrepa ved vedlikehald eller utbetring må vera så små som mogeleg.
- Det er betre å vedlikehalda framfor å reparera, og det er betre å reparera i staden for å skifta ut.
- Det må nyttast tradisjonelle materialar både ved vedlikehald og eventuell utskifting. Gøymde delar av bygningen (konstruksjonar) er like viktig å ta vare på som synlege delar.
- Dersom ein må endra, er det betre å føya noko til enn å fjerna originale, gamle delar. Det beste historiske arkivet er bygningen sjølv.
- Gamle ombyggingar og endringar av ein bygning er ofte verd å ta vare på. Dei kan fortelja om bygningen si livshistorie gjennom skiftande stilretningar og bruk.

## 5.4 Reglar for verneverdige bygningar i Stord kommune

### *Krav om søknad eller melding.*

§93 i Plan- og bygningsloven stiller krav om byggemelding/søknad om byggeløyve når eit hus skal endrast. I tillegg har nokre reguleringsplanar spesielle reglar for verna bygg. Som ein forenkla "hovudregel" kan ein seia at alt som er synleg for omverda, krev godkjenning. I tillegg er t.d. deling eller samanslåing av bueiningar, endring av beresystem og installasjonar også søknadspliktig. Det vil i dei fleste tilfella vera tryggast å be om ein førehandskonferanse hos byggesaksavdelinga. Der kan ein få informasjon om reguleringsplanar, søknadsskjema og rettleiing om søknaden o.s.b. Som hovudregel skal det sendast inn ein komplett søknad for større byggearbeid, og ei melding for mindre byggearbeid, og det er viktig å avklara på førehand kva kategori ein har med å gjera, og kva krav som vert stilt til søknaden.

### *"Stygt eller pent"*

Plan- og bygningsloven inneheld reglar om estetikk ("skjønnhetsparagrafen") og om vern og tilpassing i eksisterande bygningsmiljø. I tillegg kan enkelte reguleringsplanar setja krav til utforminga.

### *Tekniske krav – miljø og helse*

I utgangspunktet gjeld dei same reglane for teknisk standard ved endring av bygg som ved oppføring av nybygg. Når det gjeld branntekniske krav og krav til tryggleik er det ikkje unntak. Når det gjeld andre krav som t.d. krav til isolering og tetting, kan antikvariske omsyn tilseia at ein kan fråvika krava. Dette må vurderast i kvart einskild høve.

### *Ansvarleg søkjar*

Der det ikkje er krav om melding eller søknad er tiltakshavar sjølv ansvarleg for at regelverket vert fylgt. Det same gjeld ved melding, men det kan då vera krav om at teikningar vert fagmessig utført. For tiltak som krev søknad gjeld det spesielle reglar om godkjenning av søkjar, prosjekterande, kontrollerande og utførande. I utgangspunktet skal eit kvalifisert firma stå for søknaden. Kommunen kan fråvika reglane for enkle søknadspliktige tiltak, men det er viktig å vera klar over at også små endringar kan ha store konsekvensar.

### *Plan- og bygningsloven – utdrag*

§74 nr 2 ("skjønnhetsparagrafen"): "Kommunen skal se til at ethvert arbeid som omfattes av loven blir planlagt og utført slik at det etter kommunens skjønn tilfredsstillar rimelige skjønnhetshensyn både i seg selv og i forhold til omgivelsene. Skjemmende farger er ikkje tillatt og kan kreves endret."

§92 siste ledd: "Ved endring av bestående bygning og ved oppussing av fasade, gjelder §74 nr 2 tilsvarende. Kommunen skal se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til en bygnings ytre, så vidt mulig blir bevart".

*Stord kommune har desse retningslinene for verneverdige bygg:*

1. Alle synlege endringar skal meldast til kommunen, også endringar som skifte av vindauge, takteking, kledning, listverk o.s.b.
2. Byggesaksavdelinga vurderer i kvart høve om tiltaket krev melding, eller om det må søkjast om løyve til tiltak etter §93 i Plan- og bygningsloven.
3. Dersom bygningen er omfatta av reguleringsplan, gjeld reguleringsføresegnene i tillegg til desse reglane.
4. Reint vedlikehaldsarbeid som måling og mindre reparasjonar er friteke for melding, så sant bygningen sin karakter ikkje vert vesentleg endra. Stord kommune ser likevel positivt på om ein søker råd.
5. Tilbygg og endringar må ta spesielt omsyn til bygget sin karakter, og til det miljøet den verna bygningen er ein del av.
6. Ved omfattande restaurering eller endring av eit verneverdig bygg, skal det utarbeidast ein restaureringsplan.

## 5.5 Litteraturliste

For dei som ynskjer meir informasjon om verneverdige bygningar finst det bøker og hefte som kan vera til god nytte:

**"Gamle trehus"**, Tore Drage, Hans Olaf Aanesen, Jon Brønne, Universitetsforlaget 1996

Fortidsminneforeninga sine **temahefte** med råd for:

- Vinduer i eldre hus
- Yttervegger i eldre hus
- Tak på eldre hus
- Gamle maleteknikker
- Hus og stil
- Farger og stil
- Gammelt listverk
- Mur og puss

Elles har Riksantikvaren si internettside mange nyttige opplysningar:

**<http://www.riksantikvaren.no>**

## 6. VERNEVERDIGE BYGG OG BYGNINGSMILJØ

Bygningsvernplanen for Stord inneheld desse verneprosjekta: (Sjå også liste over alle enkeltobjekta; kapittel 8)

### 6.1 BONDESAMFUNNET

I mellomalderen var gardsstrukturen og eigartiløva på gardane på Stord prega at at øya låg nær fleire maktsenter; kongsseta på Fitjar og på Avaldsnes, og klosteret på Halsenøy.

#### VERNEVERDIGE GARDSTUN OG EINSKILDBYGNINGAR

Dei fleste eldre tun har einskildbygningar som ville vera interessante å verna for framtida. I den fyrste bygningsvernplanen vart det lagt stor vekt på gardstun der heile bygningsmassen i stor grad var intakt, og mindre vekt på einskildbygningar. I den reviderte planen er det no også teke med einskildbygningar som er av historisk interesse. Det er dessutan lagt vekt på å få med gardstun og einskildbygningar frå ulike tidsperiodar.

Våningshusa er ofte mykje endra frå det opphavlege og mange av uthusa i ferd med å misse sin funksjon. Tidlegare var det mange uthus på gardane, i dag er uthusa ofte i forfall eller borte.

#### ***Garshus Nordhuglo (Gnr 3 bnr 3 og 4)***

Dette er truleg ein svært gamal gard, historia går heilt attende til eldre jernalderen (m.a. fleire gravfunn). Midt på 1600-talet var garden den største (rikaste) i Stord, og nest størst var Sørhuglo - målt etter skyld. Seinare er garden delt opp i mindre einingar slik me i dag kjenne gardsstrukturen. Eigarskapet var tidlegare delt mellom Halsenøy kloster og kongen (seinare familien Rosenkrantz). Før utskiftinga i 1860-åra låg stovehusa til 5 av 6 bruk i eit fellestun her. Fleire av bygningane som i dag står på tunet er frå 1800-talet (eit reiskapshus, eit stabbur, og eit av våningshusa), resten av bygningsmassen er frå fyrste del av 1900-talet.

#### ***Gardshus Agdestein (gnr 6 bnr 2)***

Garden er ikkje av dei eldste på Stord, men likevel står truleg eit av dei eldste våningshusa på Stord på denne garden. (kan vere frå 1400-talet). På midten av 1600-talet var Agdestein ein adelsgard, til liks med fleire andre gardar på Stord. Nede ved sjøen fins det også nokre eldre naust.

#### ***Gardshus Boravik (Gnr 8 bnr 1)***

Boravik grensar til Agdestein, og på midten av 1600-talet var også Boravik eigd av adelen. Tunet på garden er prega av nokre fine små bygningar (eldhus og stabbur) som ber preg av høg alder, men som ikkje er tidfesta. Våningshuset har truleg også ei eldre stove i eine enden.





### **Gardhus Grov (gnr 9 bnr 4-3)**

Garden si historie går attende til jernalderen, og garden var i mellomalderen eit av fleire kyrkjegods på Stord som låg under Halsenøy kloster. Bygningane som i dag står på tunet er dels frå 1700-talet (våningshuset) og dels frå 1800-talet (eldhus og stabbur). Eigaren av garden har vurdert riving av våningshuset. Eldhus og Stabur er tekne med i bygningsvernplanen.

*Kulturlandskapet i dette området er av dei få landskapa som framleis har det småkuperte preget som tidlegare var vanleg mange stader på Vestlandet. (Sjå Kulturminnedelen)*

### **Øvre Kyvik (Gnr 19, bnr 15)**

Sjølve garden er ein jernaldergard. Dei fleste bygningane som i dag står på tunet stammar truleg frå 1700-talet. Det er små, enkle bygningar, organisert i eit firkanttun. Bygningane er velhaldne. Uthusa er lite endra. Gamleløa er lita, og såleis ein typisk forløpar til dei etter kvart store vestlandsløene. Båe bustadhusa er tekne med eternitt, eldhuset har bølgeblekktak, dei andre husa har rasteskifer. I hovudhuset er det ein særeigen, open gråsteinsmurt eldstad. Slike eldstader finn ein elles oftast i eldhus. To nye bustadhus er sett opp på same bruket, men utanfor tunet. Det er i dag ikkje drift på garden.

### **Gardshus Lundemannsverk (gnr 17 bnr 1)**

Garden er ikkje av dei eldste på Stord, men er truleg ein mellomaldergard. På tunet står eit gammalt stabbur som truleg er frå 1760. I området finn ein elles fleire interessante spor etter gamal kultur, m.a.a ei gravrøys.

### **Gardshus Ådland (Gnr 28 bnr 5)**

Garden vart truleg rydda i yngre jernalder, seinare vart garden delt i Øvre og nedre Ådland. På midten av 1600-talet var Øvre Ådland sjølveigande gard medan Nedre Ådland var kyrkjegods. Det er flerire fine gamle bygningar på garden, den eldste bygningen på tunet er truleg eldhuset som er frå før 1800. Den mest særmerkte bygningen på garden er likevel den vesle staursiloen frå 1920-talet, som står der som eit lite landemerke.





### **Søre Tveita (gnr 42 bnr1 og 2)**

Opphavleg var det eitt gardsbruk på Søre Tveita. I 1860 vart bruket delt i to. Bygningsmassen i det opphavlege tunet på bruk nr. 1 vart totalt fornya. Samstundes vart det bygt opp eit heilt nytt gardstun med alle funksjonar på bruk nr. 2, like sør for bruk nr. 1. Storparten av husa i dei to tuna stammar såleis frå siste halvdel av 1800-talet.

Dei to tuna representerer nyare utviklingstrekk samanlikna med Kyvik - tunet. Det avspeglar seg særleg i låvebygningane, som på Tveita er langt større og inneheld fleire funksjonar. Diverre er desse bygningane no råka av forfall.

Hovudhuset på bruk nr. 1 har ei spesiell planløyning. Hovudinngangen er plassert i søre gavlveggen på huset. Kjøken og gang er samla i denne enden, medan to stover, heilt ulike i storleik, ligg ved den andre gavlveggen. Golvet i den minste stova ligg lågare enn i resten av romma. Huset vart fornya på 1990-talet. Det gamle bislaget/kjøkenet vart erstatta av eit nytt tilbygg. Den gamle hovudinngangsdøra vart gjort om til terrassedør. Vindaugo er gjort om til kopla vindauge med isolerglas innvendig.

Hovudhuset på bruk nr. 2 har same type planløyning som det i Kyvik. Kårhusa derimot er heilt ulike. Tveita -kårhuset er bygd og dekorert i enkel sveitserstil, med stor vekt på symmetri. Stovene i kårhuset ligg vegg i vegg langs eine langsida, medan kjøken og gang er plassert langs andre langsida. Hovudhus og kårhus er i relativt bra stand, men uthusa har forfalle. Dei vert for tida ikkje nytta som fast bustad.

Dei tre våningshusa på Tveitagardane er i bra stand og lite endra utvendes. Dei er såleis klare verneobjekt. Det som gjer husa særleg interessante, er at også interiøret i stor grad er intakt – m.a. står grua på kjøkenet framleis i dei to hovudhusa. Stallbygningen på bruk nr 2 vart borte for mange år sidan. Løene på både bruka er til nedfalls. Smia på bruk nr. 1 er flytta til Sunnhordland folkemuseum.

### **Gardstun Nordre Tveita (Gnr 16, bnr1- 2 og 16)**

Garden vart rydda i yngre jernalder (550-1000 e. Kr.). På tunet fins fleire eldre bygningar, men nokre av dei er i relativt dårleg stand. Garden har nyleg skifta eigar, og den nye eigaren ynskjer å byggje nytt våningshus. Sjå elles kulturminnedelen.

### **Gardstun Nordre Tveita (Gnr 16 bnr2 og 7)**

Nordre Tveita Gnr 16, bnr 2 (og 7) er eit tun med mange bygningar frå ulike tidsepokar. Eigarane har vist interesse for å ta vare på den gamle tunstrukturen og dei gamle bygningane, men nye behov har også tilført nye bygg. Saman med grannetunet b.nr. 1 utgjer tunet eit harmonisk og interessant bygningsmiljø. Tunet har i dag desse bygningane:

-Surforsilo frå 1942.

-Plansilo for surfor frå 1993.



- Grisehuset er eit gammalt lafta uthus som no mellombels vert nytta til sauehus.
- Stabbur med tømra truleg frå 15- 1600-talet.
- Kårhus bygt 1994-95.
- Gamal vedskut i grindkonstruksjon.
- Nye skuten/arbeidshuset. Reisverkshus bygt i 1931. Nytt til verkstad, lager og garasje.
- Våningshuset, bygt 1905, i enkel sveitserstil. Den eldste stova i huset er mykje eldre. I kjellaren er grue og fyrgryteomn. Huset vart påbygt i 1963 og vert restaurert i 2002.
- Reiskapshus bygt 1984.
- Røykjehus og smie vart bygt i grindkonstruksjon i 1900.

Nordre Tveita har også ein uteflor på heimestølen, på austsida av E39, og naust ved Prestabryggjo på Rommetveit.

### ***Frugarden(Nedre Ådland)/ Orninggard (Gnr 27 bnr 1)***

Garden var i tidlegare tider ein del av garden Ådland som vart rydda i jernalderen. Den eldste bygningen på Stord – Ådlandsstova stod truleg i Gildeskålsbakken (27/1) før ho vart flytta til Øvre Ådland og vidare til Sunnhordland museum. Bygningane som i dag står i det gamle tunet er ikkje så gamle, både bustadhuset, borgstova, stabburet og eit uthus er truleg frå 1800-talet. Tunet ligg i eit område som er truga av utbygging, og det er difor sær viktig å ta vare på det som er att av denne historiske garden.

### ***Gardshus Vatna (Gnr 29 bnr 1)***

Garden vart rydda ein gong i jernalderen (før år 1000). I mellomalderen var garden adelsgods. I dag står det att eit fint gammalt eldhus (truleg frå 1700-talet).

### ***Gardshus Vatna (Gnr 29 bnr 2)***

På bruk nr. 2 står det også eit gammalt steinhus; eit sauefjøs som er sett saman av flerie bygningar i ei lang rekke. I Stord kommune er det få slike døme på samanbygde uthus.

### ***Gardstun Øvre Økland (Gnr 30 bnr3)***

Også denn garden si historie kan førast attende til jernalderen. Tunet på denne garden er særprega med sine mange små bygningar, noko som kan føre tankane tilbake til mellomalderen. Ingen av bygningane er tidfesta. Tunet ber diverre preg av forfall trass i at det har vore investert i tiltak for å redde bustadhuset.



**Gardshus Stuva (Gnr 36 bnr 1)**

Denne garden vart rydda i yngre jernalder, også her står det att eit par fine døme på bygningar frå 1700-talet – eit stabbur og eit eldhus. Eigarane har teke godt vare på bygningane og det er ei fryd å få oppleve bygningane både frå utsida og frå innsida.

**Gardshus Lønning (Gnr 37 bnr3)**

Garden var rydda i Eldre jernalder (500 f.Kr.-550 e.Kr.). I mellomalderen var garden krongods. I nyare tid er garden kjend på grunn av sin fargerike eigar – Per Lønning, og kulturaktiviteten knytt til løa på garden.

**Gardstun Langeland (Gnr 43 bnr 1)**

Tunet på gnr 43 bnr 1 inneheld 9 bygningar og er prega av bygningar med solide skifertak. Garden var ein gong det største bruket på Stord, og historia kan førast attende til jernalderen (gravfunn).

Hovudhuset er lafta og inneheld delar som truleg er frå 1600-talet. Den forma huset har i dag, fekk det i 1895 - ein enkel sveitserstil, og huset har framleis bordkledningen frå 1895.

Kårhuset er også lafta og truleg frå 1700-talet med unnatak av eit "påspøt" i eine ende frå 1870.

Tunet inneheld også eit lafta stabbur, truleg frå tidleg på 1700-talet. Huset er no under restaurering.

Stallen er grindbygt og er truleg frå 1800-talet, no nytta som garasje.

Sauehus/reiskapshus er dels tømra, dels grindbygt. Den tømra delen er truleg frå midten eller andre halvdel av 1800-talet.

Verkstaden (eldhus/verkstad) frå 1915 er dels lafta, dels i reisverk. Grisehuset er i reisverk og bygt rundt 1900.

Potetkjellaren vart bygt som kommunalt kriselager under krigen, og er bygt av stein og betong dels under terreng.

Hønehuset er frå midten av 1800-talet og er lafta.

**Gardshus Føyno (Gnr 51 bnr 3)**

På Føyno finn ein spor etter busetnad langt attende i tid. (sjå kulturminnedelen). I 1519 var det registrert 2 bruk på Føyno, og i 1647 var desse Krongods. På tunet finn ein i dag m.a. ei fin samling av gamle bygningar med vakre skifertak.



### **Husmannsplass i Sæbø (gnr 45 bnr 5)**

Dette er husmannsplassen til Skrivargarden i Kårevik, opphavleg del av Horneland. Miljøet består av våningshus og stabbur. Det er berre restar av muren att etter den gamle låa.

Våningshuset er ei enkeltbreidda lemstove, truleg frå slutten av 1600-talet. Bygget er i stor grad bevart i opphavleg stand både ute og inne. Huset er klårt verneverdig. Elsehuset i Sæbø gjev eit svært godt bilete av overgangen frå einstovehuset (årestova) til tostovehuset m/midtgang. Utvendig er huset restaurert med delvis ny kledning, hjørnebord og takrenne. Utanfor inngangsdøra står det vesle stabburet hendig plassert. Det stammar truleg frå 1700-talet og er i god stand.

Nede ved sjøen står eit kulturminne frå nyare tid, kabelhuset som husa dei fyrste telefonleidningane til Stord. (Sjå 7.8 Andre bygningar).

### **NAUSTMILJØ**

Nausta har lange tradisjonar, også i Stord. Kvar gard hadde naustgrunn eller naustrett ved sjøen. Nausta vart nytta som opplags- og vedlikehaldsstad for trebåten. Her hadde ein teiner, garn og anna fiske- og fangstutstyr. Sjølv om dei fleste nausta framleis er i bruk til sin opphavlege funksjon, står mange av dei til nedfalls. Derimot er det blitt meir og meir vanleg å byggja nye eller byggja om gamle naust slik at dei primært får til føremål å vera fritidsbustader. Det er viktig å ta vare på nokre døme på dei opphavlege byggjemåtane:

- gråsteinsmurte naust
- lafta naust
- grindbygde naust
- naust m/saltak
- naust m/pulttak
- naust plasserte med gavl mot stranda
- naust plasserte parallelt med stranda
- notbuer
- andre sjøbuer

Planen har med fire naustmiljø: Bjørnvik, Føyno, Tveitvågen og Huglavikjo, og eit enkelt naust i Kyvik

### **Bygningsmiljø med naust i Bjørnvik (Gnr 59 bnr2 og 53)**

Bjørnvik er ei lun vik langt inne i Dyvikvågen. Nede mellom bratte knausar ligg ei fin strand med grasbakke innanfor. Eit lite våningshus som i dag er i bruk som fritidsbustad er eit fint døme på eit tradisjonelt bustadhus. Nausta er plasserte i ytterkant av stranda. Nausta er i gråsteinsmur kombinert med treverk i takkonstruksjonen. Det eine har saltak med gavlen mot sjøen. Kledningen har delvis trenaglar. Det andre har pulttak og ligg parallelt med stranda. Dette ligg delvis under ein heller. Det kan vera svært gammalt, men berre steinmuren som går parallelt med bergveggen er i så fall opphavleg. Nausta kan vera bygde på 1600-talet, men dette er usikkert. Naustmiljøet og tunet ligg i eit vakkert landskap som har vore lite endra fram til i dag.





**Naust og notbu på Føyno (Gnr 51 bnr 3)**

Både naustet og notbua på Føyno er grindbygde. Med sine 11 meter kan naustet vera eitt av dei lengste på Stord. Notbua er den einaste i sitt slag som er att på Stord.

**Naustmiljø i Tveitvågen ( Gnr 65 bnr 2 og 4)**

I Tveitvågen er eit miljø med tre naust, det eine truleg frå midt på 1700-talet. Dei to andre er datert til 1875 – 1900. Eitt av nausta har gråsteinsmur og heller på taket. Dei to andre har grindkonstruksjonar, det eine med eternitt på taket det andre med rasteskifer. Dei 3 nausta frå dette bygningsmiljøet er tekne med i bygningsvernplanen.

**Naustmiljø i Huglavikjo Nordhuglo.**

Huglavikjo er eit eineståande kulturminnemiljø med gammal handelsstad, naustrekkje, steingard og kulturlandskap med oppdyrka eng i skråninga opp frå vika. Dei to nausta som står att, er frå 1800-talet, men truleg har det vore naust her i uminnelege tider. Sjå elles kulturminneplanen.



Gnr 3/21. Gråsteinsmurt naust med saltak med skifertekking, bygt på 1800-talet. Naustet er i brukande stand.

Gnr 3/4. Naustet har gråsteinsmur med nokre omfar med laft oppå. Taket er skifertekt saltak. Byggeåret er ukjent.

**Naustmiljø i Breivikjo**

Miljøet har 4 naust som truleg er bygde mellom 1800 og 1850. Tre av nausta er bygde i grindverk, og eit av nausta i naturstein. Det eine av grindbygga har rasteskifer på taket. Nausta ligg fint til i friområdet i Breivikjo, på bygsla grunn.

**Naust i Kyvik**

Naustet på gnr 19, bnr 20 er grindabygt og eit av dei eldste i Stord kommune. Taket er tekka med villskifer i raster. Naustet står på hellande grunn rett på stranda, på same måten som dei gamle langskipsnausta sto. Naustet vart restaurert i 1997, er umåla og har ei blanding av ståande og liggjande kledning med trenaglar. Frå gammalt av var naustet utan dørar i fronten.

**Møllebuo**

Møllebuo som står like ved Stord kyrkje vart bygt kring 1870, og vart nytta som lager for mjøl og melder for Frugardsmølla som låg ved fossen litt lenger oppe i elva. I 1890-åra vart det innreia eit husvære for møllarfamilien i 2. høgda. Huset var bustad og lager fram til 1950-åra, og vart så leigt ut til feriehus ei tid. Eigarane er



etterkomarar etter møllarfamilien Olsen. Sunnhordland Folkemuseum har restaurert huset og leiger det til museumsføre mål.

### **Torvhus på Huglo**

Det har alltid vore mykje skog på Stord, men utnyttinga var hard fram til 2.verdskrigen. Ein kan likevel ikkje snakka om mangel på brensel. Torvbrenning var såleis lite utbreidd på sjølve Stord.

På Huglo er det annleis, øya har lite produktivt skogareal. Omfattande brenning av kalkstein opp gjennom hundreåra har truleg forbrukt store mengder ved, i tillegg til det som gjekk med til hushaldet. Einskilde stader på Huglo har ein difor henta brensel på torvmyrane. Dei to einaste attverande torvhusa på Stord finn ein på Røssbø (gnr. 67/1) og Nordhuglo (gnr. 3/5). Begge husa er restaurerte på antikvarisk god måte. Eigarane er positive til å ta vare på bygga. Dei aller fleste torvhusa er bygde i stein. Dei to på Huglo er dei einaste kjende frå Sunnhordland som har grindkonstruksjonar. Dei har ein naturleg plass i bygningsvernplanen.



### **Hauglandskvedno**

Kverna står på garden Haugland, og det har truleg vore kvern i bruk her sidan 1600-talet. Kverna som står der i dag, vart restaurert av Stord Rotaryklubb og Sunnhordland Folkemuseum i 1974, desse har også ansvar for vedlikehaldet. Kverna ligg i eit fint turområde, og vert mykje vitja av turgåarar og vert også nytta til demonstrasjonar for skuleklassar og andre.



### **Tveitakvedno i Vikabekken**

Vikabekken har vore kvernaplass for gardane Nordre Bjelland, Høyland og Leirvik frå gammalt av. Kverna som står i Vikabekken i dag, er likevel flytta hit i 1960-61 frå Tveit på Huglo. Sunnhordland folkemuseum eig kverna. På kvernstaden på Tveit på Huglo er det sett opp nytt kvernhus, men med steinar frå den gamle kverna.

### **Stampa i Vikabekken**

Stampa som står i Vikabekken på Leirvik, vart flytta hit frå Sveio i 1938. Bygningen er grindbygd og vart sett opp etter ein brann i 1910 då ei eldre stampe bygt i tømmer brann ned. Ei stampe vert brukt til toving/stamping av vadmél og andre stoff. Dei to stampehamrane vert drivne av vassshjul. Stamparen må reknast som ein handverkar på line med t.d. ein skreddar. Stampa kan ein sjå i samband med differensieringa i næringslivet midt på 1800-talet, ein del av den industrielle utviklinga.



## **6.2 BERGVERKSDRIFT**

**GRUVENE PÅ LITLABØ – Stordø kisgruber.** (Synfaring 08.02.00, 11.04.00 og 12.05.00)

Etableringa av gruvemiljøet på Litlabø starta i 1860-åra. Bygningar og anlegg kan delast inn i seks grupper:

- Produksjonsanlegg
- Arbeidarbustader

- Funksjonærbustader
- Administrasjonsbustader
- Skule og samfunnshus
- 

Det spesielle ved gruvemiljøet på Litlabø er at alle desse funksjonane er samla på eit lite geografisk område. Samstundes har ein nytta topografien i området til å danna eit effektivt skilje mellom dei sosiale skikta i gruvesamfunnet, og til dels også mellom arbeidsplass og bustadområde.

Gruveområdet er i dag parkmessig opparbeidd. Dei fysiske romma kring det opphavlege gruvemiljøet er såleis mykje endra. Gruvegangane og gruvehola er ikkje lenger godt synlege, men dannar likevel viktige spor i landskapet. Desse kulturminna er tekne med under tekniske kulturminne.

#### **PRODUKSJONSANLEGG**

Vaskeriet, scheidehuset og det markante transportbandet mellom dei er rivne. Det same gjeld delelageret og andre sentrale bygg i gruve drifta.

Desse bygga står enno att av produksjonslokala:

- Kontoret m/uthus, byggeår 1913.
- Stigerkontoret, byggeår 1910-12, restaurert 1990-åra.
- Snekkerverkstaden, byggeår 1907-08
- Heistårnet, byggeår 1928
- Heishuset, byggeår 1942
- Mekanisk verkstad, byggeår 1926. .
- Smio, byggeår 1900-24 vart innreidd til gruvemuseum om lag 1980.
- (Badet, byggeår 1920 brann ned i 2002)
- To trafokioskar

Desse bygningane står som tydelege prov på eit driftig gruvemiljø. Stigerkontoret og snekkerverkstaden er sett i stand dei siste åra. Den mekaniske verkstaden er seld til ein motorsykelklubb.

#### **Administrasjonsbustadene**

Direktørbustaden og dei fire andre administrasjonsbustadene ligg heilt for seg sjølv i ei frodig, sørvendt li med flott utsikt over Storavatnet. Bygningane og parkanlegga er storslagne. Området ligg godt skjerna mot innsyn frå allmugen. I dag er dei private bustader:

- representasjonsbustad/messe, byggeår 1916
- direktørbustad m/naust og brygge, byggeår 1910
- bustad, byggeår 1918
- tomannsbustad, byggeår 1928. (Sjå foto).
- einbustad m/to uthus ("Marie Berg-huset", byggeår ca 1910.

Tilkomstvegen førte berre inn til administrasjonsbustadene, og såleis var det ingen andre som hadde gyldig grunn til å nytta denne. Einaste staden ein kunne sjå administrasjonsbygningane frå var borte ved Samfunnshuset – på 2-300 meters avstand. Bygningane er såleis nøye plasserte med tanke på å halda fysisk og psykisk avstand til dei lågare sosiale skikta i gruvesamfunnet.

Etter at gruva vart nedlagd i 1968, vart bustadene selde til private kjøparar. Eldre folk på tur i området tidleg på 70-talet, kunne



Administrasjonsbustadene rundt 1930





fortelja at dette var fyrste gongen dei gjekk på vegen inn til administrasjonsbustadene. Dette trass i at dei hadde levd og arbeidd i gruvesamfunnet heile livet fram til gruva vart nedlagd.

### **Stigerbustadene**

Stigerane var arbeidarar med høgare sosial rang enn gruvearbeidarane. Stigerbustadene ligg geografisk plassert mellom administrasjonsbustadene og arbeidarbustadene. Dette var tomannsbustader, tre i talet, med tilhøyrande uthus. Husa vart bygde omkring 1920. I dag er dei bygde om til einebustader. Berre eitt av uthusa står att, og det er prega av forfall.

I Stallbakken, på nedsida av vegen ligg tre av stigerbustadene. På andre sida av Stallbakken ligg stallmeisterbustaden, som vart bygt om lag samstundes med stigerbustadene. Stallmeisterbustaden var eit upussa teglsteinsbygg med uthus. Uthuset er borte. I dag er stallmeisterbustaden pussa og måla. Stallen låg mellom stigerbustadene og stallmeisterbustaden. Den er no riven.

Nede i dumpa ligg Kvernavikhuset, som vart flytta til Litlabø frå gruvane på Lykling.

### **Arbeidarbustadene**

Ein del av arbeidarbustadene, Midtbyen og Knatten, låg inne mellom produksjonsanlegga. Elles budde arbeidarane i Moskvadalen (nedanfor Hillarhaugen), på Gjerdet og på Nysæter. Gruveselskapet bygde og åtte husa. Ein av arbeidarbustadene på Gjerdet er flytta til det sentrale gruveområdet, huset er ikkje endra og står som eit godt døme på ein av arbeidarbustadene frå omkring 1910. Sunnhordland folkemuseum har ansvaret for huset.

Det mest typiske arbeidsmiljøet finn ein i Rødkleiv. Her er samla eit tversnitt av bustadtypene, med tomannsbustader i tre, små einebustader i mur og Tusenhjemmet – eit murbygg med 4-6 husvære.

Bustadmiljøet i Rødkleiv vart bygt opp i åra 1913-14. Nokre nye hus vart bygde om lag ti år seinare. Til alle bustadene høyrde det små uthus. Berre få av desse er intakt. Ti av bustadhusa og tre uthus er tatt med i planen. Mest alle bygningane har vore gjennom endringar og ombyggingar. Det finst likevel godt bevarte bygg innimellom. Det er kome opp nokre få heilt moderne hus, utan at særpreget i området er øydelagt. Vert bygningsmassen i Rødkleiv verna, bør ein likevel vera restriktiv til slike stilbrytande nybygg i framtida.

### **Gruvearbeidarbustaden**

Gruvearbeidarbustaden stod opprinneleg på Gjerde ovanom stigerbustadene, men er flytta ned i sjølve gruveområdet. Stord kommune fekk bustaden av Håkon Bergeland i 1992 og demonteringa tok til. Gjenreisingsarbeidet vart avslutta i oktober 2000.

Den fyrste elektrikaren på øya Alfred Lie, budde i huset frå 1912. Lie som hadde hatt ansvaret for lyssettinga av kroningssermonien i Nidarosdomen i 1906 vart rekna som ein trollmann.





Gruvearbeiderbustaden vert i dag nytta til utleige og undervisning og er restaurert i tråd med god antikvarisk skikk. Interiøret er attendeført til 1950-talet.

### **Samfunnshuset**

Samfunnshuset vart bygt i 1957 og kan oppfattast som eit symbol på den nye fellesskapen mellom arbeidarar, bedriftsleiing og staten, som styresmaktene freista å skapa i åra etter krigen. I dei første etterkrigsåra var det vanskeleg å få tak i byggjematerialar og bygget vart eit monument over den felles viljen til å løfta i flokk og byggja ned klasseskilja. Då gruvedrifta slutta av, vart det ei vanskeleg tid for Samfunnshuset, men på slutten av 90-talet vart huset restaurert og fekk ei lita utviding. Ved restaureringa er det lagt stor vekt på å behalda interiøret og den opphavslege utforminga av vestibulen og hovudsalen.

Samfunnshuset hadde ein viktig funksjon i gruvesamfunnet, og både verksemda og Stord arbeiderforening var sentrale i bygginga.

## **6.3 INDUSTRI / NÆRING**

### **TRESKIPSBYGGERIET PÅ JENSANESET.**

Ottesen Skipsbyggeri i Sagvåg har vore i kontinuerleg drift frå 1825 og fram til vår tid og var eitt av dei største treskipsbyggeria i Sunnhordland.

Verneframlegget legg vekt på å få fram heilskapen med produksjonsbygg, arbeidarbustader, administrasjon, slippar og kaiar. Det meste er bygd opp tidleg på 1900-talet. Bygningane består av enkle konstruksjonar som rimeleg let seg vøla. Ein del av produksjonsutstyret (avrettar, bandsag, oppgangssag, slipesteinar m.m. er i brukbar stand.)

I 2001 vedtok kommunestyret reguleringsplan for Jensaneset. I planen er det sett av to spesialområde bygningsvern/industri. I reguleringsføresegnene for området heiter det m.a. at bygningane kan moderniserast eller byggjast om med ei utforming som er tilpassa det verneverdige miljøet. Nybygg i området skal vera tilpassa eksisterande bygningsmiljø, både når det gjeld storleik, form og funksjon. Bygningar som må flyttast, må bli handsama som verneverdige kulturminne under flytting og oppsetjing – utan mellomlagring – og dei må framleis kunna nyttast i tråd med dei maritime tradisjonane i miljøet. Ved handsaming av byggesøknader skal det liggja føre fråsegn frå fylkeskonservatoren.

I dei to verneområda er følgjande bygningar med:  
Sjøhus, bygt ca 1920.


Einebustad/forretning m/garasje, skilt frå 1942. I 2002 er det gitt løyve til ei mindre ombygging.

Kontor/verkstad/smie, bygt ca 1920- ombygt 2002

Oppgangssag, bygt 1900-1924

Plankestimar

Lagerbygg, bygt 1922



Maskinhus, bygt 1900 - 1924  
Sjøhus/lager, bygt 1900 - 1924

Mellom dei to spesialområda ligg eit område med føremål industri. Innafor dette området ligg Sjøhuset Raugabuo og den gamle sirkelsaga. Raugabuo er restaurert delvis med offentlege midlar. Begge er viktige verneobjekt. I området ligg også "nyesaga", ei sirkelsag. Den fekk i 2002 nytt golv og tak.

Også i reguleringsområdet frittliggjande einebustader ligg bygg som høyrer til i bygningsvernplanen:  
58/142 einebustad, byggeår 1825-49  
58/144 einebustad, byggeår 1908  
Endeleg ligg det innanfor området for konsentrert bustadbygging eit gammalt lagerbygg som også bør vera ein del av den verna bygningsmassen på Jensaneset. I dette verneområdet er det altså verneverdige bygg som ikkje har fått formelt vern gjennom vedteken reguleringsplan, men som likevel bør vera med i bygningsvernplanen.

### SAGBRUK OG MØLLE I SAGVÅG

Tettstaden Sagvåg er bygd opp kring sagbruksdrifta, som har vore i området i alle fall sidan 1500-talet. Elva, oppgangssaga, sirkelsaga, kornmølla og restane av kisutskipingsanlegget utgjer ei geografisk samling av næringsfunksjonar som er eineståande. Den næringsmessige verdien av desse bygningane er i dag liten. Dei historiske verdiane er stor, sjølv om det var eit stort tap då den gamle saga brann ned i 2006.

Oppgangssaga frå 1500-talet vart borte etter brann i 2005. Området kring Sagvågselva har likevel mange kvalitetar som gir trivnad og identitet til staden. Her finst demningar, fleire elveløp, gamle steinbruer, og ei sirkelsag frå førre århundreskiftet. Den største kornmølla i Sunnhordland utanom Etne vart bygd opp att i 1929 i betong, etter at den opphavlege mølla brann ned. I tillegg vart det i slutten av 1930-åra bygd ein verkstad på nordsida av elva, truleg med tanke på produksjon av vognehjul. Denne vart aldri nytta til sitt tiltenkte føremål, truleg fordi gummi hjulet overtok marknaden. Bygningen har difor stått tom og dels vore nytta som hestestall og lager. I framlegg til reguleringsplan for Sagvåg sentrum er området regulert til spesialområde vern.

Miljøet inneheld fire bygningar: På bruk 57/212 er ei kornmølle, bygt om lag 1930, ei steinbru som kan vera frå sist på 1600-talet og ei sirkelsag frå tidleg på 1900-talet. Eigar er Hilmar Mathisen.

Det fins restar etter fundamentet til krana som vart nytta i samband med kistransporten frå Litlabø/Nysæter til Sagvåg i perioden 1867-1911. Prammene med kis frå gruvane la til her, og kiskassane vart løfta over på traller med krana og transportert ned til lasteplassen på Kishaugen i Sagvåg. Av dette for si tid store anlegget er det i dag lite att – berre kranfundamentet, bardunfestet og nokre boltar i berget etter trallebana. Det er naturleg å ta desse kulturminna med som tekniske kulturminne i kulturminneplanen.



### **THIISAFABRIKKEN PÅ SKOTABERGET**

Hermetikkindustrien var ein viktig næringsveg for heile Sunnhordland først på 1900-talet. Dei tok til å hermetisera brislingen og kalla han sardiner. På Stord bygde C. Houge - Thiis ein fabrikk på Skotaberget. Dei fleste sildebygga i Stord var store trebygningar. Desse er borte. Thiisafabrikken er bygd i tegl med valmtak og utgjer såleis eit spesielt trekk i den arkitektoniske utviklinga knytt til hamnemiljøet i Leirvik. Bygget er oppført like etter 1900.

Bygningen er i dag ominnreidd til kontorføremål. Bygget har høg verneverdi som dokumentasjon på eit næringsbygg frå tidleg på 1900-talet.

I reguleringsplan Leirvik hamn sør, vedteken 2001, har Thiisafabrikken fått reguleringsføremål spesialområde vern. Eksisterande bygning skal vernast slik han står eller så langt råd er først attende til opphavleg utsjånad. Reguleringsføresegnene seier at alle byggearbeid skal meldast i samsvar med plan og bygningslova. Også mindre endringar som skifte av vindauge etc. skal gjerast i samråd med bygningsvernkonsulenten. Utvendig fargebruk skal godkjennast av bygningsmynde i Stord kommune. Ved større bygningsmessige endringar og i tvilstilfelle skal det innhentast uttale frå fylkeskonservatoren.

### **KRAFTSTASJONAR**

Det var private som bygde dei første kraftverka på Stord. Men etter kvart vart kraftutbygging og produksjon og distribusjon av elektrisk kraft ei av dei store kommunale oppgåvene. Utbygginga av elektrisk kraft tok til på Stord i 1908 med Olsens elektrisitetsverk ved Frugardselva. Men dette bygget er borte. Stordø kisgruber såg tidleg behovet for å vera sjølvforsynt med elektrisk kraft, og i 1930-åra fekk me også kommunal kraftproduksjon.

#### ***Børtveit kraftstasjon***

Børtveit kraftstasjon er den største i Stord. Han vart bygd i 1918 (opna i 1922) for å gje kraft til Stordø kisgruber. Bygningsmiljøet inneheld to enkeltobjekt, stasjonsbygning og smie. Tidlegare var det også eit naust, men det er no borte. Gamlebygget på kraftstasjonen er ein liten bygning, men likevel staseleg utforma både utvendig og innvendig. Kraftstasjonen låg litt avsides til, det var ikkje veg forbi Uføro mot sør. Det kan vera grunnen til at kraftstasjonen har eiga smie. Til kraftstasjonen vart det også bygt bustad til verksmeisteren.

Mellom kraftstasjonen og smia er det reist eit nytt lagerbygg som stilmessig bryt kraftig med dei gamle bygga.

#### ***Lundsæter kraftstasjon***

I 1932 vedtok kommunestyret å byggja ut Tysevasdraget. Kraftstasjonen på Lundsæter stod ferdig i 1934. Han er ikkje endra seinare og står i dag som eit autentisk minne om den første kommunale kraftutbygginga og den nye byggjestilen. Bygningen med området i kring har ein sjølvsgd plass i bygningsvernplanen.



## 6.4 HANDELSMILJØ/FORRETNINGSOMRÅDE

### SAGVÅGSBREKKO

Nedre del av Sagvågsbrekko er ein viktig miljøfaktor i Sagvåg sentrum. Det gamle bygningsmiljøet har ein skala som høver til landskapet, og bygningane er plasserte slik at dei dannar eit sjarmerande gateløp. Eit mindre område er teke med i planen som inspirasjon for kommande utbyggjarar. Det er viktig at ein tek vare på den skalaen som bygningane representerer.

Nederst i bakken ligg skomakar Ludvigsen sin eigedom. Hovudhuset vart flytta hit i 1903-04, og seinare vart skomakarverkstaden flytta ut i eit eige hus som vart flytta hit frå Otterøy. Huset hadde tidlegare vore skulestove.

Litt lenger oppe i bakken ligg "Eriksen-huset" eller "Berg Kafè". Dette huset vart bygt i 1917, og det var planlagt å driva butikk i huset. Huset vart i staden teke i bruk til lager og kontor for Stord provianteringsråd. På 1920-talet kom det kafè i huset. Etter krigen var det fiskematforretning og meieriutsal med mjølk og ost, og om sommaren iskrem.

"Sauekrambua" på andre sida av Sagvågsbrekko vart bygt i 1908 og vart teken i bruk til krambu av Sæbjørn Dale i 1908. I 1915 vart huset seldt til vossingen Erik O. Saue. Han, og seinare sonen, dreiv butikk her til handelen vart flytta opp i nybygget.

### HANDELSSTADEN SEMINARIET

Det var lærarskulen som gav grunnlaget for etablering av eit servicesenter på Klingenberg. Dei to verneverdige bygningsmiljøa må difor sjåast i samanheng. Stord hadde dampskipsstogg på Storsøy, Nordhuglo, Mehammer, Klingenberg, Leirvik og Sagvåg. Klingenberg- miljøet er det best bevarte av desse. Med til miljøet høyrer ei sjøbu og bygningar som opphavleg hadde bakeri- og butikkfunksjon. Sjøbua rasa saman i storm januar 2000. Den tidlegare dampskipskaien er også ein viktig del av miljøet.

Området har tre bustadhus, der dei ulike servicefunksjonane har vore flytta frå kjellar til kjellar:

- bustadhus, tidlegare bakeri/landhandel
- bustadhus, tidlegare skomakarverkstad (ca 1900 - 1916)
- bustadhus, tidlegare bakeri, post/bank

Sjølve kaien og sjøhuset kjøpte Stord kommune i 1953. Det vart då bygt ny kai. I dag er det korkje butikk, post, skomakarverkstad eller dampskipsstogg i området. Bygningsmiljøet på Klingenbergkaien framstår likevel nokså uendra, slik det vart bygt omkring 1915, sjølv om sjøbua som vart teken av uvær i 2000 er borte.

### SØNDRE KAISVING

Dette bygningsmiljøet inneheld tre bygg, bygde mellom 1912 og 1927. Bygningane er sikra formelt vern gjennom reguleringsplanen for Øvre Borggata:

- Bustad/forretning bygt i 1927. Huset er truleg det mest typiske og gjennomførte jugend-huset i kommunen og har høg verneverdi.



Etter stormen





- Borgen . Kontor/forretning bygt i sveitserstil. Bygget er sett i god stand og vert i dag nytta som advokatkontor. Eksteriøret er det opphavlege.
- Forretningsbygg reist i 1912.

### ØVRE BORGGATA

I 1997 vedtok Kommunestyret reguleringsplan for Øvre Borggata, Leirvik. Hovudintensjonen med planen er å verna det som er att av den særprega gamle bygningsmassen i sentrum av Leirvik, og vidareutvikla området i tråd med dette.

*Øvre Borggata utgjer den største samlinga av trebygningar bygde i sveitserstil i Stord. Bygningane skriv seg frå dei siste tiåra på 1800-talet og dei første på 1900-talet. Det verneområdet som er teke med i reguleringsplanen, inneheld bygningar av blanda verneverdi. Dei har gjennomgått til dels store endringar bort frå det opphavlege stilpreget. Nokre av trebygningane har fått stilbrytande tilbygg på baksida. Nokre av bygningane er også merkte av manglande vedlikehald. Trass i dette kan det framleis vere mogeleg å gjere Øvre Borggata til ei koseleg, intim handlegate, der bygningsmiljøet utgjer ein viktige miljøfaktor. Utbyggingar i området, Brotalio og Hagro eigedom, har ført til at bygningar som frå fyrst av var med i planen, er blitt rivne.*

Reguleringsføresegnene seier at "eksisterande bygningar i området skal vernast slik dei er eller så langt råd er forast attende til opprinneleg utsjånad. Mindre heldige tilbygg kan/skal rivast eller formast om så dei høver i det gamle bygningsmiljøet. Nye tilbygg kan godkjennast, men må tilpassast i form og volum, og det må spesielt takast omsyn til at gløtta frå Borggata mot sjøen ikkje vert bygde igjen.

Reguleringsplanen for Øvre Borggata er eit døme på korleis plan - og bygningslova kan nyttast som eit instrument i arbeidet med å sikra eit bygningsmiljø. Bygningsvernplanen må likevel gå eit steg vidare og vurderer kva tiltak som kan setjast inn for at bygg med vernestatus verkeleg skal verta verna mot forfall og øydeleggjande inngrep. Eit samarbeid mellom alle eigarane i området og kommunen for å rehabilitera bygningar og uterom kan gjera Øvre Borggata til ein svært attraktiv del av Leirvik.

### ØVRE BORGGATA

Reguleringsplanen for Øvre Borggata har også sikra vern for eit enkeltbygg i Nedre Borggata:

Gnr. 27/127 Bustad/forretning/kontor, bygt 1916 av Helge Lillebø som dreiv bokhandel der.

Ved revidering av bygningsvernplanen er det naturleg å ta med fleire bygg som kan danna eit naturleg bygningsvernemiljø i Nedre Borggata. Det gjeld bygg som ikkje har fått formelt vern gjennom vedteken reguleringsplan:

**Frugårdbygget.** Eigedommen vart skilt ut alt i 1866 til Ole J. Berg, som hadde telegrafstasjon og postopneri der i mange år. Lenge var det også bakeri i eit uthus til bygningen. Bygningen som står der i



Øvre Borggata rundt 1930



dag, er bygt i 1950-åra og hyste også postkontor og bank. I dag er det restaurant og pensjonat i bygget. I 1999 vart det reist eit tilbygg som vert nytta som konsertlokale til restauranten.

**Sparebank Vest.** Bygget er reist i 1980-åra, og er bygt i teglstein og med store glasflater. Arkitekt for bygget var firma Holmedal & Husum AS på Stord. Det monumentale bygget er ein typisk representant for 1980-åra.

**Hagerupshuset** Huset er bygt ein gong mellom 1750 og 1770. Det stod opphavleg i Frugarden, men vart i 1848 flytta til Leirvik. Huset har hatt mange funksjonar m.a. telefon/telegraf og posthus, og husa den fyrste landhandelen på Leirvik. Gjennom mesteparten av 1900-talet var det bustad for familien Hagerup. Stord kommune kjøpte huset i 1982. Det vart restaurert på antikvarisk god måte og er i dag kommunalt eldreresenter. Huset er sikra formelt vern gjennom reguleringsplan.

**Gamle grand hotell** inneheld truleg delar av tømmeret frå den fyrste gjestgjevarstaden på Stord frå 1600-talet. Statsråd Baard Haugland var ein av dei siste som dreiv gjestgjevarstaden. Seinare vart huset bygt om og vart til Dahls Hotel som sto ferdig i 1889 i flott sveitserstil. Under krigen var hotellet innkvarteringsstad for tyske offiserar og soldatar. I dag er det berre restar igjen av sveitserdetaljane, men hovudforma på bygget er stort sett den same som i 1889. Den nye delen av Grand hotell vart bygt til av Indremisjonssamskipnaden i 1950-åra.

Bygget framstår ikkje som noko stasbygg i dag, men bygget inneheld mykje historie, og det er mogeleg å tilbakeføre i alle fall delar av bygget til sveitsertida

*I sak 69/09 vedtok kommunestyret å ta Gamle Grand ut av planen.*

## SUNNHORDLANDSKAIEN

I 1995 bygde Stord kommune v/hamnestellet nytt forretningsbygg på Sunnhordlandskaien, og den gamle Hauglandsbua vart riven. Bygget vart teikna av Arkitektkontoret Svein Halleraker. Bygget er blitt det nye signalbygget på Lerivik etter at det runde huset i Osen vart rive. Bygget er ein god representant for si tid, og for det maritime miljøet i Leirvik.



Grand Hotell rundt 1900



Grand Hotel rundt 1980



## 6.5 BYGNINGAR KNYTT TIL EMBETSVERKET

### TYSE PRESTEBUSTAD

Prestebustaden på Tyse var prega av forfall. I 1906 hadde ein teikningar klare for ny prestebustad, som vart oppført i 1912. Byggmeister var Valvatne. Prestebustaden tilhøyrrer såleis den perioden ein kallar "Det nye Noreg" (1905-1930). I denne perioden var det ulike stilretningar som gjorde seg gjeldande: Sveitserstil og jugendpreg var framleis vanleg, i tillegg utvikla det seg ein bygningsstil prega av eldre norsk arkitektur ("norsk panelstil"), og det vart dessutan vanleg å kopiera eldre stilperiodar (særleg barokk og klassisisme). Prestebustaden på Tyse er ein typisk stilkopi der klassisismen har vore idealet. Huset er restaurert innvendig i 2002.



I vedteken reguleringsplan for prestegarden er prestebustaden med hagen rundt regulert til spesialområde vern. Det same er det eine huset som står att på det opphavlege tunet på Tyse. (Gnr 22/155) Det ligg ope og fritt på ein haug nord for prestebustaden. Truleg har dette vore eit klyngjetun, gamle kart viser opp til 23 bygningar i tunet. Reguleringsføresegnene seier at bygningane skal bevarast, men elles kunna nyttast til det føremålet brukaren finn tenleg innanfor planen sine rammer. I reguleringsplanen for Prestegarden er også deler av den gamle bygdevegen frå prestebryggja nordom Breivikjø gjennom tunet i prestegarden og fram til kyrkja verna. Heile vegen har ein naturleg plass i kulturminneplanen for Stord.

### FENGSEL, RETTSBYGNING OG SORENSKRIVARGARD

*Stord kretsfengsel var ein av dei første store offentlege bygningane i Leirvik. Den er frå 1863/64 og låg for seg sjølv litt utanfor og over sentrumskjernen, og vart teikna av arkitekt Schiertz. Rettsbygningen kan vera det første bygget på Stord ført opp i sveitserstil. Fengslet vart delvis drive som arbeidsleir. Dei innsette hadde arbeidsoppgåver innan jordbruket. Her var både fjøs, åker og eng. I dag er dette borte. Også den inngjerda luftegarden er fjerna. Fengslet er blitt innebygd mellom nye, større offentlege bygg. Men fengselsbygningane har både arkitektonisk og historisk verdi som dokumentasjon på ein del av utviklinga på Stord.*



Postverket fekk fengslet og rettsbygningen "på kjøpet" då det kjøpte tomt til nytt postbygg. Etter ein lang og hard diskusjon om bygningane skulle rivast eller bevarast, tok posten på seg å setja fengselsbygningen i stand. Det var ei stor oppgåve, men resultatet vart vellukka. Og som det ofte skjer når eldre bygningar vert rusta opp, folk såg verdien av fengslet som bygning. Fengslet har dei vore nytta som utstillingslokale og kulturbygg. I 1997 vart bygget kjøpt av private, og i dag er lokala nytta til restaurantdrift og godkjent til logoen "Historiske spisesteder".



Nord for fengslet ligg Sorenskrivargarden. Deler av hovudbygningen er frå 1862 – bygd av sakfører J. Olsen. Huset har såleis heile tida hatt sin historie innan rettsvesenet. Sorenskrivarane overtok bygget i 1913 og bygde det totalt om, slik at det i dag framstår, som eit typisk embetsmannsbygg. I 1987 vart det ført opp eit nybygg knytt saman med hovudbygget med ein glaskorridor. Arkitekt for nybygget var Colin Anspach. I 1997

vart hovudhuset restaurert, då kom den opphavleg verandaen på plass igjen. Arkitekt var Maurseth og Halleraker. Sunnhordland tingrett vert i dag administrert frå Sorenkrivargarden. Det er naturleg å sjå fengselsbygningane og sorenskrivarbygningane som eitt bygningsmiljø som må vernast samla. Alle bygningane er gjennom vedteken reguleringsplan sikra formelt vern.

### **SKRIVARGARDEN I KÅREVIK**

Embetsverket overtok tidleg Kårevikgarden. Skriftlege kjelder tilbake til 1650-talet viser det. Deler av hovudbygningen er svært gammal og har vore brukt til alt frå fjøs til embetsbustad/kontor. I siste halvparten av 1700-talet var han bustad for sokneprestane på Stord. I 1862 kjøpte staten v/Oplysningsvæsenets Fond garden, og frå då av var han offentleg sorenskrivargard. I 1912 vart sorenskrivarkontoret flytta frå Kårevik til Leirvik, og Skrivargarden i Kårevik vart delt opp og seld. Den gamle hovudbygningen har m.a. vore nytta til barneheim, pensjonat og restaurant / selskapslokale. Huset vart rehabilitert i 2002 og i 2006.



### **LYKT OG FYRVAKTARBUSTAD PÅ MIDTØYA**

Fyrvesenet sette opp fyrbygning og uthus i 1878. Årsaka var aukande trafikk gjennom Langenuen og fleire skip innom Leirvik hamn. Same året vart også naustet bygt. I 1903 vart fyret erstatta med ei fyrlykt, og fyrbygningen med uthus vart selt. I 1930 vart bygningane kjøpt tilbake, fordi det skulle opprettast nautofon. Då vart også maskinbygget reist. Tåkesignalet vart lagt ned i 1975 då fyrmeisteren gjekk av med pensjon. Frå 1991 leigde Stord kommune bygningane, og i 2007 kjøpte Stord kommune eigedommen med tilskot frå Direktoratet for naturforvaltning. Bygningane vart restaurert i 1993.



## **6.6 OFFENTLEGE BYGG**

### **HØGSKULEN STORD/HAUGESUND PÅ ROMMETVEIT**

Lærarskulen på Stord er den eldste i landet, etablert i 1838-39. Dei første åra heldt han til på prestegarden på Tyse, men i 1866 vart han flytta til Rommetveit. Det var viktige utbyggingsperiodar både kring 1920 og i 1960- og 70-åra. Kring 1920 vart det bygt internat, lærar- og rektorbustader og ny gymnastikksal. Arkitektfirmaet Schack – Bull & Søn har teikna desse bygga. I 1960-åra vart det bygt ny kantine og nytt spesialrom med m.a. bibliotek og auditorium. Arkitekt for desse bygga var Theodor Olsen Bergen. I 70-åra kom ny elevheim, ny aula og spesialbygg med avdelingar for formingsfag og musikk. Ikkje alle bygningane som er reiste fram gjennom åra, står enno. Nokre har brent ned, andre er rivne for å gje plass til nye bygg. Ved omlegging av høgskuleordninga vart lærarhøgskulen på Rommetveit gjort om til Høgskulen Stord/Haugesund. I 2003 vert det reist nye bygningar til sjukepleiarhøgskulen inne på det same området. I samband med utbyggingsplanane vart det utarbeidd reguleringsplan for området. Den sikrar at heile bygningsmassen vert teken vare på slik at også dei store kulturverdiene vert sikra.





### Reguleringsplan for høgskuleområdet på Rommetveit:

I vedteken reguleringsplan er heile høgskuleområdet regulert til spesialområde vern. I føresegnene til planen heiter det m.a.: Området har høg verdi som heilskapleg kulturmiljø. Enkelte bygningar har også stor verdi som enkeltkulturminne. Området skal i hovudsak vernast slik det er i dag. Bygningar og anlegg skal i hovudsak ikkje endrast utvendig eller rivast.

To vernekategoriar:

I reguleringsplanen er eksisterande bygg og anlegg underlagt ulik grad av vern. Dei er delte i fylgjande kategoriar:

#### Kategori 1:

Bygningar og anlegg skal utvendig ikkje endrast. Originale bygningsdelar som t.d. vindauge, kledning og taktekking skal ikkje skiftast ut anna ved uoppretteleg skade. Slike utskiftingar skal gjerast i samarbeid med bygningsvernmynde i Stord kommune. Alle endringar skal dokumenterast – før og etter – med foto eller teikning.

Denne kategorien omfattar

- den gamle gymnastikksalen, (byggeår 1922) – Arkitekt Schack- Bull & Søn
- Granheim m/hageanlegg (ca 1920)
- Annekset (1881)
- rektorbustaden (byggeår 1920) – arkitekt Schack – Bull & Søn
- opphavleg del av seminarbygget (byggeår 1866)
- Børtveit gamle skule
- 

#### Kategori 2:

Bygningar og anlegg skal i hovudsak bevarast. Det kan gjevast løyve til mindre endringar og påbygg som ikkje endrar hovudform og arkitektur på bygningane. Endringar skal harmonera med opphavleg uttrykk på bygningen. Det kan gjevast løyve til tilbakeføring dersom dette skjer på sikkert dokumentert grunnlag.

Denne kategorien omfattar

- formingsbygget (byggeår 1970-talet)
- Osahaugen (ca 1920)
- studentbustadene (1965 – 69) – Arkitekt Theodor Olsen
- spesialromsbygget m/opphavleg grøntanlegg (1963) – Arkitekt Theodor Olsen
- kantina (1963) – Arkitekt Theodor Olsen
- aulaen (1968) – Arkitekt Theodor Olsen
- barnehagen
- privat bustad med uthus

I følgje planen kan nye bygg reisast i avsette byggefelt. Nybygg skal harmonera med omkringliggjande bygningsmasse og miljøet elles. Eksisterande bygningsmasse/arkitektur skal vere retningsgjevande for utforming av nybygga. Nybygg skal likevel stå som eksempel på moderne god arkitektur. Det er eit overordna krav om at anlegget som heilskap, forholdet mellom eksisterande og nye bygningar, skal ha eit uttrykk som samsvarer med god byggeskikk.



Reguleringsplanen gjev formelt vern til lærarskulehagen på austsida av gangvegen ned til Breivikjø. Hovudtrekk i parken når det gjeld plantar, gangsystem og terrenggrep skal ikkje endrast. Opphavleg vegetasjon skal ikkje fjernast bortsett frå døde eller skadde plantar, eller som ledd i skjøtsel i samsvar med godkjend skjøtelsplan.

### SKULAR

Den sterke folkeauken etterkrigen saman med ei stadig utviding av skuletida har ført til auka trong for nye skulebygg og nye skulekrinsar. Dei nye skulebygga har komme i tilknytning til dei største bustadkonsentrasjonane, det har gjort at gamle skulekrinsar har falle bort, og at skulebygningar har gått ut av bruk.

**Børtveit skule** på ved Lærarhøgskulen og skulen frå **Fjellberg**, som er ved Sunnhordland museum står som representantar for skulebygga frå siste del av 1800-talet

**Hystad skule** stod ferdig i 1975. Arkitekt er Knut Eide. Hystad skule vart bygd i ei tid då krava til skulebygg og undervisningsrom var i ferd med å endra seg. Ein gjekk bort frå dei store, kompakte bygga og over til mindre einingar, gjerne med berre ein etasje, slik at det var direkte kontakt med terrenget utanfor. Også innvendig vart bygningane endra, mindre korridorar og meir fleksible klasseromslysingar, med veksling mellom storklasserom og grupperom i tillegg til dei ordinære klasseromma. den opphavelige Hystad skule består av tre bygningskroppar knytte saman med overbygde gangvegar. Seinare har det kome fleire tilbygg til skulen.

### IDRETTSHALLEN PÅ VIKAHAUGANE

I heile siste halvdel av 1900-talet er det brukt store offentlege ressursar på å byggja idrettsanlegg. Ordninga med tilskot frå overskotet til Norsk Tipping AS sette fart i utbygginga. Idrettshallen på Vikahaugane kan stå som ein representant for denne utbygginga. Han er den første idrettshallen som vart bygt i Sunnhordland. Idrettshallen vart bygt samstundes med Stord ungdomsskule og med Knut Eide som arkitekt for begge bygga. Desse to bygga vart også sentrum i eit kombinert skule, idretts- og parkanlegg med eineståande kvalitet. Idrettshallen har vore i bruk både føremiddag og ettermiddag, både kvardag og helg i over 40 år.

### FURULY HELSEHEIM

Furuly helseheim var bygt av natulege Ole Olvik i 1908, den andre helseheimen i Noreg basert på naturlegeprinsippet inspirert av dr. Kneip sin metodar med vekt på diett og hydroterapi. I 1910 vart det bygt kurhotell med matsal og 53 sengeplassar. Kurhotellet brann i 1925. Ny avdeling med røntgen stord ferdig i 1958.

### STORD SJUKEHUS

Fylkessjukehuset på Stord stod ferdi i 1970, etter ein arkitektkonkurranse i 1962. Anlegget vart teikna av arkitektfirma Anna og Jostein Molden i Bergen. Sjukehuset vart bygt ved sida av Furuly helseheim. Hovedbygget på sjukehuset har rå betong i fasadane, eit typisk trekk frå denne tidsperioden. Bygget er tildelt



Børtveit skule



Hystad skule



“Anton Christian Houens fonds pris”, ein høgthengjande arkitekturpris. Ved sida av sjukehuset vart det også oppført fleire bustader for tilsette på sjukehuset, også desse teikna av arkitektane Molden i tidstypisk stil.

I 2001 fekk sjukehuset ein ny fløy, teikna av arkitektfirma Origo i Bergen, og i 2004 nytt DPS-bygg teikna av arkitektkontoret Arkidea AS på Stord.

I 2007 fekk Statsbygg utarbeidd ein landsverneplan for helsesektoren, der det vert gjort framlegg om vern av store deler av Stord sjukehus. Til saman 12 bygningseiningar er omfatta av verneplanen, og desse er også med i bygningsverneplanen.

### **STORD KYRKJE**

Stord kyrkje vart bygt på same staden der tidlegare stod ei einskipa mellomalderkyrkje (truleg frå 1300-talet). Den gamle kyrkja vart riven 3 år før den nye kyrkja vart bygt. Den nye kyrkja vart vigla i 1857, og bygt med basilikaform som endar i apsis (korboge). Kyrkja vart fyrst teikna av ein teolog ved namn Grønning, men han døydde, og kyrkja vart fullført av arkitekt Stockfleth frå Bergen.

Kyrkja vart bygd i tegl, men grunna dårleg steinkvalitet vart kyrkja bordkledd i 1860-åra. Til hundreårsjubileet i 1957 vart bordkledningen fjerna og ytterveggene pussa. Også interiøret vart mykje endra ved restaureringa. Arkitekt var denne gongen Torgeir Alvsaker, og kunstnaren Per Vigeland stod for delar av utsmykkinga. Utsmykking og nye detaljar tok utgangspunkt i den gamle mellomaldertradisjonen og bidrog til at interiøret i Stord kyrkje fekk innslag som i større grad knyter den til gamlekyrkja som vart riven.

### **NYSÆTER KYRKJE**

Kyrkja vart oppført i 1992, og arkitekt var Collin Ansbach. Kyrkja har både eit moderne og funksjonelt interiør, og eit høgtidsstemt kyrkjerom .

### **STORD RÅDHUS**

Bygningen vart bygt i 1960-62 og var teikna av arkitektfirma Torgeir Alvsaker & E. Vaardal-Lunde i Bergen. Bygget er stilreint og funksjonelt i tråd med ideala i 60-åra. Vertikale betongpilastrar i ytterveggene og vekslinga mellom tette flater og glas gir bygget sitt særpreg.

### **STORD KULTURHUS**

Kulturhuset stod ferdig i 1978. Bygget er teikna av arkitekt Knut Eide. Grunntanken bak utforminga av bygget var å etablere ein møteplass for folk med ulike interesser innafor kultur- og fritidsaktivitetar. Den store vestibylen er sjølvstøtt møteplassen, torget – rundt den er det plassert symjehall, kino-/teater-/konsertsal og bibliotek. Byggenemnda på Stord nytta både Ibsenhuset i Skien og Førdehuset som mønster under planlegginga. Utvendig er det ikkje gjort endringar på bygget . Innvendig har det vore ein del bruksendring og ombygging, m.a. er festsalen/konsertsalen bygt om til kinosal med fast amfi. Det er nytta solide materialar i bygget, og det har gjort at det har vore lite trong for vedlikehald. I 2003 skal symjehallen og garderobane rehabiliterast.



## 6.7 BUSTADBYGGING

### VILLAMILJØ I ÅSRINGEN

I området er tre store villaer med tilhørende hageanlegg. Alle tre bygga er reiste i tida 1914 – 18. Sveitserstilen var på veg ut, og bygga har fått sin heilt individuelle arkitektur. Bygningar og uthus med tilhørende hagar i dette området er verna ut frå den verdien dei har som historiske objekt. Slike storbygg og flotte parkanlegg var ukjende i Leirviks -området på den tida. Villamiljøet i Åsringen illustrerer såleis den første brå bløminga i næringsutviklinga på Stord etter århundreskiftet, der særleg hermetikkindustrien stod sentralt. Kontrasten mellom det nøkterne, tronge bumiljøet i Prestlio og det storslegne voluminøse bumiljøet i Åsringen er tydeleg.

Bygningen på gnr. 27/152 vart flytta hit 1916-18, og hadde før det vore bustad for direktøren ved gullgruvene på Lykling (Bømlo). I 1932 kjøpte distriktslækjar Knut Moe huset, og han hadde i alle år praksisen sin der. Stilen er engelsk empirestil.

Villaen på 27/114 vart bygt 1917 – 18. Til villaen høyrer også uthus. Huset vart bygt til Christian Bårdsen og han hadde huset til 1930. Han bygde også hermetikkfabrikken i Kloven i 1916 og åtte den til 1928. Villaen vart restaurert i 1998.

Villaen på 27/130 vart bygt i 1914 - 16 til sakfører Fridtjof Johannessen. Bygget har fått eit nybygg i hagen, ein heilt ny stor villa bygd etter moderne prinsipp, men likevel nesten i same stil som det gamle ved sida av.

Villastrukturen og dei store hageanlegga er noko av det særprega for dette området, og vidare fortetting i form av nye bustader eller tilbygg bør difor som hovudregel unngåast. Både bygningar og hageanlegg må vernast. Eventuelle uthus som ikkje er i bruk, kan likevel innreist til bustadforemål. Dersom utskifting av bygningsdelar må gjerast, skal dette skje i tråd med det opphavlege; dette gjeld dimensjonar og profilar på bygningsdelar, og så langt råd er også fargesetting.

I same området ligg også Isaksen - kiosken, ein gammal trafo med stilfull arkitektur. Denne er også verna gjennom reguleringsplanen.

### BUSTADER OG FRITIDSBUSTADER I BREIVIKJO

Reguleringsplanen for Høgskulen Stord/Haugesund inneheld eit spesialområde vern like søraust for høgskuleområdet. Det gjeld bygningar som tidlegare har vore sterkt knytte til lærarskuleområdet, men som i dag er fritidsbustader. Innanfor området er det fem bygningar som får status "vern": Ved vurdering av søknad om endring eller riving innafor dette området skal omsynet til totalmiljøet og den historiske samanhengen vurderast. Mindre nybygg, tilbygg og endringar kan etter nærare vurdering tillatast på eigedommane når desse ikkje endrar karakteren i området, og endringane harmonerer med det opphavlege uttrykket på bygningane i området. Eventuell tilbakeføring må gjerast på sikkert dokumentert grunnlag. Alle endringar – før og etter – skal dokumenterast med foto og/eller teikning.



27/152



27/114



27/130





### BUSTADOMRÅDET PRESTLIO I LEIRVIK

Bygningane i Prestlio skriv seg frå siste kvartal av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Området strekkjer seg frå Borggata til sjøkanten. Omgjevnaden er trugande moderne på alle kantar, med Risangården i sør, og Dampbakeriet og terrassehusa på Nesjaberget i nord. Det har også komme opp eit par heilt nye hus tett inntil miljøet. Allereie i 1922 var Prestlio truga – då av store vegprosjekt som var planlagt gjennom området. Tobias Pedersen, eigar av 27/32 ved nedkøyringa til Prestlio protesterte mot planane, og gjekk til sak mot kommunen, men tapte. Til alt hell står likevel husa i Prestlio den dag i dag.

Ein del av dei gamle husa i Prestlio har gjennomgått endringar fram gjennom åra. Mange av desse kan førast tilbake med enkle midlar. Husa i Prestlio er organisert på ein bymessig måte, og utgjer den første spira til tettstadpreget i Leirvik. Skal det intime bygningsmiljøet overleva, må det visast respekt for heilskapen i området. Bygningane skal vera med og fortelja ei bygningshistorie. Reguleringsplanen slår fast at så langt det er mogeleg skal bygningane vernast slik dei står eller førast attende til opphavleg utsjånad. Nye tilbygg kan godkjennast, men utforminga må tilpassast nøye til det gamle bygningsmiljøet i form og dimensjon. Fasade på nybygg/tilbygg kan likevel formast meir i tråd med ei moderne tid.

Bygningsmiljøet Prestlio inneheld ti bustadhus og eitt uthus/garasje.

### INGEBRIGTSHAUGEN

Ingebrigtshaugen er eit konsentrert bustadmiljø i haugen vest for Øvre Borggata. Dei fleste bygga her er reist mellom 1915 og 1920, eit par er frå 1938. Heile miljøet er regulert til vern ved reguleringsplanen frå 1997. Så langt det er mogeleg skal bygningane førast attende til opprinneleg utsjånad. Nye tilbygg kan godkjennast, men utforminga må tilpassast nøye til det gamle bygningsmiljøet i form og dimensjon. Fasade på nybygg/tilbygg kan likevel formast meir i tråd med ei moderne tid. Miljøet inneheld åtte bustadhus og eitt uthus.

### BUSTADFELT ASLAKSVIKJO – 1950- åra

Den sterke auken i talet på sysselsette i industri, handel og offentlege tenester frå midt på 1950-talet førte til sterk auke i bustadbygginga. Det vart vanleg å leggja til rette samla bustadfelt for utbygging. I bustadfelta er det felles opplegg for vegføringar, tilførsel av straum og vatn og avlaupssystem. I ein del av bustadfelta har planløysinga for dei einskilde husa vore lik, slik at ein får bygningsmiljø med einsarta preg.

I Saghaugen og i Aslaksvikjo finn me dei to første regulerte bustadfelta på Stord. Feltet vart etablert i åra 1956-58.

*I sak 69/09 vedtok kommunestyret å ta bumiljøet i Aslaksvikjo ut av planen.*



Planlagt veg gjennom Prestlio





### REKKJEHUS I SÆVARHAGEN – 1970-åra

I Stord kommune har frittliggjande einebustader vore den vanlegaste buforma. Her er ikkje reist høgbløkker, men det har alltid vore ein marknad for meir konsentrerte bustader og rekkjehus. Stord bustadbyggelag (Stobo) har heilt frå 1958 vore aktive i å reisa bustader i rekkje eller konsentrerte småhus. Mange av desse bygningsmiljøa har fått god utforming og skapt trivelege bumiljø. I Sævarhagen er det eitt rekkjehusmiljø, bygd ut i privat regi med 20 bustader samla i tre rekkjer. Utearealet er felles, og det er felles biloppstillingsplass. Husa er bygde frå 1972.



### BUSTADFELT HADLABREKKO

Bustadfeltet er frå fyrste halvdel av 1980-åra, og er eit burettslag med 44 frittliggjande bustader med garasjar, organisert som burettslag. Området framstår som eit tett og særprega buområde med god terrengtilpassing og gode bukvalitetar - og ser ut til å ha bebuarar som tek vare på kvalitetane. Bygningane er alle fargesette i ein harmonisk og samlande fargeskala.



### BUSTADFELT HILLARHAUGEN

Bustadfeltet er frå kring 1980, og vart teikna av arkitektkontoret Holmedal og Våge. I 1983 fekk bustadfeltet Statens byggesikkpris, men det er få av husa som er tekne vare på i tåd med god byggeskikk. Det er difor valt ut berre eit hus som representant for den fyrste byggeskikkprisen i Noreg.



## 6.8 ANDRE BYGGINGAR

### HORNELAND BEDEHUS

I Stord bygdebok skriv Olav Høyland om bedhuset på Horneland: ”På Horneland bygde Knut Horneland opp eit forsamingshus i 1916. Det vart overdrege til Stord Indremisjon same året, og vigsla året etter som *Horneland bedehus*.” I 1963/64 vart det bygt nytt bedehus like ved det gamle. I dag står huset difor for det meste ubrukt.

Det er ikkje gjort endringar utvendig på det gamle bedehuset. Huset er difor både autentisk og ein god representant for dei mange bedehusa som vart bygt rundt på bygdnen på den tida.



### KABELHUS SÆBØ

Nede ved sjøen på Sæbø står eit kulturminne frå nyare tid, kabelhuset som husa dei fyrste telefonleidningane til Stord.

I fylgje Stord bygdebok vart den fyrste telefonlina til Stord teken i bruk i 1902. Telefonlina gjekk frå Haugesund til Stord og vidare nordover til Bergen. Kabelhuset er bygt der kabelen vart teken i land frå Bømlafjorden.



## OVERSYN OVER BYGNINGAR 2009

Miljø/område	Bygning	Tidfesting	SEFRAK-nr	Reg. år	gnr/bnr	Regulert (Plan nr)	Kommentar
Gardstun Nordhuglo	Våningsshus	1903	001-031	1985	3/4		
	Redsapshus	1800-talet	001-032	1985	3/4		
	Stabbur	1925-1950	001-033	1985	3/4		
	Driftsbygning	1910	001-034	1985	3/4		
	Våningsshus	1898	001-036	1985	3/3		
	Stabbur	1875-1899	001-037	1985	3/3		
Gardshus Agdestein	Våningsshus	1400-talet	002-046	SEFRAK -85	6/2		
Gardstun Boravik	Stabbur	?	002-033	SEFRAK -85	8/1		
	Eldhus	?	002-034	"	8/1		
Gardstun Grov	Eldhus	1849	002-014	"	9/4-3		
	Stabbur	1800-talet	002-015	"	9/4-3		
Gardstun Kyvik	Våningsshus	1700-talet	003 - 366	SEFRAK 86	19/15		
	Uthus	1700-talet	003 - 367	"	19/15		
	Stabbur	1700-talet	003 - 368	"	19/15		
	Eldus	1700-talet	003 - 369	"	19/15		
	Løe	1700-talet	003 - 370	"	19/15		
	Kårhus	?	003 - 371	"	19/15		
Gardstun Lundemannsverk	Stabbur	1760	003-108	SEFRAK -85	17/1		
Gardstun Nordre Tveita 1	Sjå kulturminneplan						
Gardstun Nordre Tveita 2	Stabbur	?	003-215	SEFRAK -85	16/2		
	Grisehus	?	003-216	"	16/2		
	Løe	1895	003-117	"	16/2		
	Surforsilo	1942		"	16/2		
	Plansilo	1993		"	16/2		
	Ny vedskut/arbeids hus	1921		"	16/7		
	Reiskapshus	1984		"	16/7		
	Røykjehus	1900		"	16/7		
	Våningsshus	1905	003-219	"	16/7		
	Gamal vedskut	?	003-218	"	16/7		
	Kårhus	1994-95		"	16/7		
Gardstun Frugarden	Bustadhus	1800-talet	004-250	SEFRAK -79	27/1		
	Borgstova	?	004-251	"	"		
	Uthus/vedhus	?	004-252	"	"		
	Stabbur	?	004-253	"	"		
Gardstun Søre Tveita 1	Bustad	1850 - 74	006 - 116	SEFRAK 84	42/1		
	Stabbur	1850 - 74	006 - 117	"	42/1		
	Vedskut	1850 - 74	006 - 118	"	42/1		
	Eldhus	1850 - 74	006 - 119	"	42/1		
	Potetkjellar	1825 - 49	006 - 121	"	42/1		
Gardstun Søre Tveita 2	Våningsshus	1850 - 74	006 - 130	SEFRAK 84	42/2		
	Kårhus	1900 - 24	006 - 131	"	42/2		
	Utedo	1875 - 99	006 - 132	"	42/2		
Gardstun Øvre Økland	Våningsshus	1800-talet?	011-009	SEFRAK -83	30/3		
	Løe/ ruin		011-010	"	"		Riven
	Vedskjul		011-011	"	"		
	Eldhus		011-012	"	"		
	Stabbur		011-013	"	"		
	Utedo		011-014	"	"		
Gardshus Vatna	Stall /verkstad		011-015	"	"		
	Sauefjøs	1868	011-043	SEFRAK -83	29/2		
Gardstun Ådland	Eldhus	ca 1775-1800	011-033	SEFRAK -83	29/1		
	Staurisilo	1920	004--550	"	"		
Gardshus Stuva	Eldhus	før 1800	004-549	SEFRAK -80	28/5		
	Stabbur	1796	011-049	SEFRAK -83	36/1		
Gardshus Lønning	Eldhus	før 1800	011-051	"	"		
	Løe	1883	011-181	SEFRAK -79	37/3		Kulturstove
Gardstun Langeland	Bustadhus/hovedhus	1600-talet/1895			43/1		
	Kårhus	1700-talet/1870			"		
	Stabbur	tidleg 1700-tal			"		
	Stall	1800-1850			"		
	Sauefjøs	1850-1900			"		
	Verkstad	ca 1915			"		
	Grisehus	ca 1900			"		
	Potetkjellar	1916-18			"		
	Hønseshus	medio 1800-tal			"		

Miljø/område	Bygning	Tidfesting	SEFRAK-nr	Reg. år	gnr/bnr	Regulert	Kommentar
<b>Husmannsplass Sæbø</b>	Bustad ("Elsehuset")	1675 - 99?	006 - 013	SEFRAK 84	45/5		
	Stabbur	1700-talet	006 - 014	"	45/5		
	Kabelhus	1902			45/5		
<b>Naustmiljø Bjørnvik</b>	Naust	1600-talet?	012 - 047		59/2		
	Naust	1600-talet?	012 - 048		59/2		
	Bustadhus/fritidsbustad Uthus		012-044 012-045		59/53 "		
<b>Naustmiljø Føyno</b>	Naust	1725 - 49?	007 - 129		51/3		
	Notbu	1700-talet?	007 - 130		51/3		
<b>Naustmiljø Tveitvågen</b>	Naust	1875-1900	001-155	SEFRAK 85	65/2-6		
	Naust	1750-1800	001-154	"	65/4-4		
<b>Naustmiljø Breivikjø</b>	Naust	ca 1800	003-066	SEFRAK 85	21/1(bygsla)		
	Naust	ca 1850	003-067	"	21/1(bygsla)		
	Naust	ca 1830	003-068	"	21/1(bygsla)		
	Naust	ca 1800	003-070	"	21/1(bygsla)		
<b>Naust Kyvik</b>	Naust	?	003-364	SEFRAK 86	19/31		
<b>Naustmiljø Nord Huglo</b>	Naust	1800-talet	001-049	SEFRAK 85	3/21		
	Naust	-	001-051	"	3/4		
<b>Møllebuo</b>	Sjøbu	ca 1870	004-261		27/8		
<b>Torvhus på Huglo</b>	Torvhus, Nordhuglo	1800-talet	001 - 009	SEFRAK 85	3/5		
	Torvhus Røssbø	ca 1875	001 - 200	"	67/1		
<b>Hauglandskvedno</b>	Kvernhus	1600-talet ?	003-328	SEFRAK 86	15/2		
<b>Tveitekvedno</b> (Vikabekken)		flytta 1960-61			38/1		
<b>Røykenesstampo</b> (Vikabekken)		flytta 1960-61			38/1		
<b>Stordø kisgruber</b>	Represent. bustad	ca 1916	010 - 091	SEFRAK 80	33/101		
	Bustad	1928	010 - 092	SEFRAK 80	33/60		
	Bustad	1918	010 - 093	SEFRAK 80	33/29		
	Uthus	1900-24	010 - 094	SEFRAK 80	33/29		
	Direktørbustad	1910	010 - 095	SEFRAK 80	33/100		
	Naust	1932	010 - 136	SEFRAK 80	33/100		
	Brygge	1932	010 - 137	SEFRAK 80	33/100		
	Bustad	1810?	010 - 096	SEFRAK 80	33/62		
	Uthus	1800-talet?	010 - 097	SEFRAK 80	33/62		
	Skulehus	1925	010 - 098		33/6		
	Leskur	?	010 - 101		33/6		
	Stallmeisterbustad	ca 1920	010 - 089	SEFRAK 80	33/51		
	Stigerbustad	ca 1920	010 - 063	SEFRAK 80	33/42		
	Stigerbustad	1900-talet?	010 - 065	SEFRAK 80	33/43		
	Stigerbustad	1900-24	010 - 066	SEFRAK 80	33/31		
	Bustad	1875-99	010 - 056	SEFRAK 80	33/1		
	Trafo-kiosk	1920-åra	010 - 054	SEFRAK 80	?		
	Bustad	ca 1920	010 - 031		33/45		
	Uthus	1920-1930	010 - 032		33/45		
	Bustad	1914	010 - 033		33/38		
	Uthus	1914	010 - 034		33/38		
	Bustad	1914	010 - 035		33/33		
	Uthus	1900-24	010 - 036		33/33		
	Bustad	1900-24	010 - 037		33/46		
	Uthus	1900-24	010 - 038		33/46		
	Bustad	1918 el. 1919	010 - 039		33/35		
	Bustad	1900-24	010 - 041		33/47		
Tusen hjemmet A	1916-20	010 - 042		33/50			
Tusen hjemmet B	-	-		33/109			
Uthus	1900-24	010 - 043		33/50			
Bustad	ca 1913/14	010 - 044		33/44			

Miljø/område	Bygning	Tidfesting	SEFRAK-nr	Reg. år	gnr/bnr	Regulert	Kommentar
	Bustad	1914	010 - 045		33/35		
	Bustad	1914	010 - 046		33/36		
	Kontoret	ca 1913	010 - 001		33/1		
	Uthus	?	010 - 002		33/1		
	Mek verkstad	1926	010 - 004		33/88		
	Snekkarverkstad	1907-1908	010 - 005		33/1		
	Smio	1900-24	010 - 006		33/1?		
	Stigerkontoret	ca 1910-12	010 - 007		33/1		
	Tårnet	1928	010 - 008		33/1		
	Trafo-kiosk	ca 1914-15	010 - 015		33/1		
	Heishus	1942	010 - 023		33/1		
	Badet	1920	010 - 024		33/1		
	Rødkleivsbanen	1875-99	010 - 027		33/1		
	Damanlegg	1918	010 - 028		33/1		
	Gruveinngang	1875-99	010 - 026		33/1		
	Gruveopning	1900-24	010 - 059		33/1		
	Skjerp	1864 el. 65	010 - 122		33/1		
	Gruvearbeidarbustaden		010-081		33/1		
	Samfunnshuset	1957			57/81		
<b>Ottesen skipsbyggeri Jensaneset</b>	Maskinhus (donkey)	1900-24	009 - 008	SEFRAK-80	58/8	R-212-000	
	Lagerbygg	1922	009 - 009	"	58/8		
	Sjøhus/ lager	1900-24	009 - 010	"	58/8		
	Oppgangssag	1900-24	009 - 026	"	58/8		
	Plankelager		009 - 027	"	58/8		
	Sjøhus	1900-24	009 - 029	"	58/8		
	Kai	1900-24	009 - 030	"	58/8		
	Sjøhus (saltebu)	ca 1920	009 - 032	"	58/8		
	Kontor/verksatd/smie	1920	009 - 033	"	58/8		
	Kai	1919	009 - 034	"	58/8		
	Kai	1900-24	009 - 035	"	58/8		
	Maskinhus til slipp	1920	009 - 037	"	58/8		
	Sirkelsag m.m.	1930	009 - 038	"	58/8		
	Plankestimar	1900-talet	009 - 039	"	58/8		
	Slipp	1909	009 - 043	"	58/8		
	Maskinhus til slipp	1909	009 - 044	"	58/8		
	Bustad	1908	009 - 040		58/144	"	
	Einebustad/forretning	ca 1942			58/50		
	Brannstasjon				58/8		
	Sykkelskur				58/8		
<b>Sagbruk og mølle, Sagvåg</b>	Kornmølle	1930	009 - 068	SEFRAK-80	57/212	R-104-000	
	Vassrenne	1875-99	009 - 069	"	57/212		
	Vognhjulsfabrikk	slutten 30-åra	009 - 070	"	57/123		
	Steinbu	1675-99	009 - 071	"	57/212		
	(Oppgangssag/høvleri)	15-1600-talet	009 - 072	"	55/11		Brent ned 2005
	Sirkelsag	1903	009 - 075	"	57/212		
	Stem	1925-49	009 - 087	"	57/3		
	Brygge	1900-24	009 - 088	"	57/123		
<b>Sagvågsbrekko</b>	Sauekrambuo	1903	009-056		56/10	R-104-004	
	Kontor	1919/1997	(009-049)		56/32		
	Tidl. butikk		009-054		56/30		
	Uthus		009-055		56/30		
	Tidl. butikk		009-058		56/29		
	Tidl. butikk				56/7		
	tidl. skomarkerverkstad				56/7		
<b>Thiisfabrikken</b>	Tidl. hermetikk fabr.	1898-1916	004 - 481		39/95	R-203-000	
<b>Handelsstaden Seminariet</b>	Bustad (tidl. bakeri/landhandel)	1917	003 - 053	SEFRAK 85	23/149		
	Bustad (tidl. skomarkerverkst.)	1916	003 - 055	"	23/149		
	Bustad (tidl. post/bakeri)	ca 1911	003 - 058	"	23/7		
<b>Børtveit kraftstasjon</b>	Stasjonsbygning	1918 / 1936 (tilb.)	002 - 080	SEFRAK 85	5/6		
	Smie	1918-19	002 - 081	"	5/6		
<b>Lundsæter kraftstasjon</b>	Kraftstasjon	1934	003-172		18/9		
	Uthus		-		18/9		
<b>Søndre kaisving</b>	Bustad/forretning	1927	004 - 113		27/195	R-065-000	
	Kontor/forretning	1912	004 - 114		27/122		
	Kontor/restaurant	1912 (1918?)	004 - 116		27/182		


Miljø/område	Bygning	Tidfesting	SEFRAK-nr	Reg. år	gnr/bnr	Regulert	Kommentar
<b>Øvre Borggata</b>	Bustad	1870-80-åra	004 - 024	SEFRAK -79	27/36	R-065-000	
	Uthus	1875-99?	004 - 027	"	27/36		
	Bustad/butikk	ca 1860	004 - 038	"	27/30		
	Uthus ("Udlabuo")	1850-74	004 - 045	"	27/30		
	Ungdomshallen	1904-07	004 - 039	"	27/71		
	Bustad	1904	004 - 040	"	27/67		
	Bustad	ca 1890	004 - 042	"	27/24		
	Uthus	?	004 - 043	"	27/24		
	Bustad	1903	004 - 044	"	27/54		
	Bustad/butikk	1880-90	004 - 049	"	27/43		
	Uthus	1880-90	004 - 050	"	27/43		
	Bustad/butikk	1875-99	004 - 051	"	27/23		
	Tidl. Kommunehus (Tingvoll)	1892?	004 - 061	"	27/45		
	Tidl. bankbygg	1900-24	004 - 063	"	27/151		
	Butikk/kontor	1900	004 - 064	"	27/21		
	Butikk/kontor/bustad	1890-95	004 - 065	"	27/564		
	Bustad	ca 1900-20?	004 - 073	"	27/74		
	Bustad/butikk	ca 1900	004 - 078	"	27/66		
	Bustad/butikk	1916-18	004-090	"	27/20		
	Forretning/kontor	1914	004 - 093	"	27/127		
	Bustad/butikk	1937		"	27/104		
	Bustad/butikk			"	27/41		
Bustad/butikk	1897	004-083	"	27/51			
Bustad/butikk (Smio)	1893	004 - 066	"	27/46			
Bustad/butikk	1935	004-085	"	27/251			
<b>Nedre Borggata</b>	Pensjonat/serveringsstad	1950-åra	-		27/26		
	Bankbygg	1980-åra	-		27/672		
	Hagerupshuset/Eldresenter	1750-70	004 - 111		27/111	R-065-000	
<b>Sunnhordlandskaien</b>	Kontor/restaurant	1995	-		38/2		
<b>Tyse prestebustad</b>	Prestebustad	1912	003 - 042	SEFRAK 85	22/164	R-227-000	
	Bustadhus	1740-80	003-044	SEFRAK 85	22/155	R-065-000	
<b>Fengselet</b>	Rettsbygningen	1863/ 64	004 - 088		27/794		
<b>Sorenskrivargarden</b>	Fengselet	1863/ 64	004 - 089		27/794		
	Sorenskrivarbygget	ombygd 1912	004 - 130		27/10		
<b>Skrivargarden i Kårevik</b>	Skrivargarden	1650-1675	006 - 033	SEFRAK 84	45/10		
	Lysthus	1858	006 034	"	45/117(45/4)	R-200-000	
<b>Lykt og fyrvaktarbustad Midtøya</b>	Fyrlykt	1903	005-104		26/12		
	Fyrvaktarbust.	1878	005-103	SEFRAK 84	26/64		
	Uthus	1878	005-105		26/64		
	Verkstad / uthus	1930	005-106		26/6		
	Naust	1878	005-100		26/11		
<b>Seminarret (Høgskulen Stord Haugesund)</b>	Seminarret	1866	003 - 077	"	21/1	R-230-000	
	Annek	1881	003 - 078	"	21/1		
	Lærebustad	ca 1880-90	003 - 079	"	21/1		
	Uthus	1890	003 - 080	"	21/1		
	Tidl. lærebustad	1890	003 - 082	"	21/1		




Miljø/område	Bygning	Tidfesting	SEFRAK-nr	Reg. år	gnr/bnr	Regulert	Kommentar
	Rekerbustad	1920	003 - 083	"	21/1	R-230-000	
	Gymnastiskal	1922	003 - 084	"	21/1		
	Lærarbustad	ca 1920	003 - 086	"	21/1		
	Lærarbustad	ca 1920	003 - 087	"	21/1		
	Børtveit skule	1904	002 - 072	SEFRAK 85	21/1		
	Formingsbygg	1977			21/1		
	Studentbustad	1965-69					
	Spesialromsb m/grøntanl.	1963			21/1		
	Kantine	1963			21/1		
	Aula	1968			21/1		
Andre skular	Hystad skule	1975			26/386		
Idrettsbygg	Idrettshallen Vikahaugane	1965			41/54		
Stord sjukehus	Hovudbygning	1967-70			27/86		
	Furuly helseheim	1908			27/86		
	Teknisk sentral 1	1908-70			27/86		
	Bustad A	1970			27/86		
	Bustad B	1970			27/86		
	Bustad C	1970			27/86		
	Bustad D	1970			27/86		
	Bustad E	1970			27/86		
	Bustad F	1970			27/86		
	Hybelhus	1969			27/86		
	Overlegebustad	1970			27/86		
	Søsterheim blokk G	1969			27/588		
	Søsterheim blokk H	1969			27/588		
	Parkområde				27/86 m.fl.		
Stord kyrkje	Kyrkje	1857			27/770		
Nysæter kyrkje	Kyrkje	1993			577158		
Kulturhus	Kulturhuset, Leirvik				38/186		
Bedehus Horneland	Bedehus	1916					
Rådhus	Rådhus	1960-63	-		277443		
Åsringen	Villa	Flytta hit 1916-18	004 - 034		27/152	R-065-000	
	Villa	1916	004 - 035		27/130		
	Villa	1917/18	004 - 171	SEFRAK	27/114		
	Uthus	ca 1919	004 - 172		27/114		
	Uthus/ stall	1918	004 - 173		27/114		
	Trafo ("Isaksen -kiosken")	?	?		27/510		
Bustader og fritidsbustader, Breivikjo	Tidl. landhandel	1893	003 - 090	"	21/6	R-230-000	
	Tidl. post/pensj.	1899	003 - 091	"	21/19		
	Tidl. pensjonat	1881	003 - 071	SEFRAK 85	21/4		
	Uthus	1882	003 - 072	"	21/4		
	Britestovo	flytta hit ca 1875	003 - 074	"	21/95		
Prestlio	Butikk/bustad	?	004 - 007		27/41	R-065-000	
	Butikk/bustad	1912	004 - 008		27/104		
	Bustad	1800-talet	004 - 014		27/35		
	Tidl. Fargerli	1800-talet	004 - 015		27/123		
	Bustad	1875-99	004 - 016		27/32		
	Uthus	ca 1880 el. 1911	004 - 026		27/32		
	Bustad	1875-99	004 - 017		27/37		
	Bustad	ca 1870-80	004 - 018		27/249		
	Uthus	?	004 - 019		27/249		
	Bustad	1890-åra	004 - 020		27/34		

Miljø/område	Bygning	Tidfesting	SEFRAK-nr	Reg. år	gnr/bnr	Regulert	Kommentar
	Uthus	1890-åra	004 - 021		27/34		
	Bustad og uthus	1900-24	004 - 022		27/103		
Ingebrigtshaugen	Bustad/kontor	1920	004 - 127		27/136	R-065-000	
	Bustad	1938	004 - 058		27/169		
	Bustad	1917	004 - 057		27/159		
	Bustad	1938	004 - 056		27/262		
	Bustad	1914-18	004 - 059		27/162		
	Bustad	1919	004 - 052		27/191		
	Bustad	1916	004 - 054		27/147		
	Bustad	1963	-		27/145		
Rekkjehus Apalvegen	Fellesareal	1972			25/38		
	Bustader i rekke	1972			25/46		
	"	"			25/47		
	"	"			25/48		
	"	"			25/49		
	"	"			25/50		
	"	"			25/51		
	"	"			25/52		
	"	"			25/53		
	"	"			25/54		
	"	"			25/55		
	"	"			25/56		
	"	"			25/57		
	"	"			25/58		
	"	"			25/59		
	"	"			25/60		
	"	"			25/61		
	"	"			25/62		
	"	"			25/63		
	"	"			25/64		
	"	"			25/65		
Bustadfelt Hillarhaugen	Bustad	ca 1980					
Busatdfelt Hadlabrekko	Bustader	1983			37/95		
	Bustader	"			37/93		
	Bustader	"			37/81		
	Bustader	"			37/79		
	"	"			37/80		

# OVERSIKTSKART Børtveit-Huglo



# OVERSIKTSKART Stord søraust





# OVERSIKTSKART Stord sør





# OVERSIKTSKART Stord vest

